

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for
Norsk namnelag



Med rapport frå
Den 12. nasjonale konferansen i namnegransking
Oslo 20. november 2009

Redaksjon:

Botolv Helleland (ansv.) (botolv.helleland@iln.uio.no)
Gudmund Harildstad (gudmund.harildstad@iln.uio.no)
Vidar Haslum (vidar.haslum@uis.no)

Redaksjonssekretær:

Klaus Johan Myrvoll (k.j.myrvoll@iln.uio.no)

Utgjevar:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium / Namnegransking
Universitetet i Oslo

Nr. 50 – 2009

Redaksjonen vart slutført 29. januar 2010

Adresser m.m.

Nettstaden til Norsk namnelag er www.norsknannelag.no.

Norsk namnelag, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen. Bankgiro: 6501.41.08704. Kontingenten er 200 kroner for året og inkluderer *Namn og Nemne* og *Nytt om namn*.

Tidsskriftet *Namn og Nemne*, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen.
Tlf. 55 58 24 06.

Meldingsbladet *Nytt om namn*, Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo, Postboks 1102 Blindern, 0315 Oslo.
Tlf. 22 85 43 78.

INNHALD

LEIAR

Olav Veka: Norsk namnelag rundar år	5
---	---

NORSK NAMNELAG

Styremøte	6
Protokoll fra landsmøte i Norsk namnelag 20. november 2009	7
Ny vervebrosjyre	8
Utlysning av stipend.....	9

JUBILEUM

Thorsten Andersson: <i>Nytt om namn</i> – 50 nummer	9
Gulbrand Alhaug: Litt om stoffutvalet i <i>Nytt om namn</i>	13

RAPPORT FRÅ SAMRÅDINGSMØTE

Botolv Helleland: Stadnamnprosjekt med støtte frå Kultur- departementet	15
Aud-Kirsti Pedersen: Innsamling av stadnamn i Nord-Noreg.....	17
Kaisa Rautio Helander: Innsamling og arkivering av samiske stedsnavn i Norge – historie og situasjon i dag	18
Irene Andreassen: Stedsnavnsamlinger – kvenske stedsnavn	20
Finn Myrvang: Dataregistrering av stadnamn sett frå Nordland	21
Inge Særheim: Stadnamnregistrering i Rogaland. Namnearkivet ved Universitetet i Stavanger.....	23
Snorre D. Øverbø: Stadnamnarbeidet i Sogn og Fjordane. Status og utfordringar	25
Odd Vevele: Stadnamnsamlinga i Mjøsdalen.....	27
Ole-Jørgen Johannessen: Digitale stedsnavnbaser i Bergen.....	32
Birger Nesholen: Stedsnavninnsamlingsprosjektet i Grue i 1994	34
Beate Kraggerud: Kommentar fra en prosjektmedarbeider	35
Line Lysaker Heinesen: Rapport om stedsnavndatabasen.....	36
Christian-Emil Ore: En felles virtuell database for stedsnavn.....	37
Frode Myrheim: Lokale stadnamn i bygdebøker.....	40
Vidar Haslum: Stedsnavninnsamling som lokalhistorisk prosjekt	42
Knut Sprauten: Norsk lokalhistorisk institutt og Landslaget for lokalhistorie og deres rolle for stedsnavninnsamling	49
Olav Veka: Norsk namnelag og innsamling av stadnamn	51

RAPPORT FRÅ KONFERANSE

Botolv Helleland: Magnus Olsen som namnegranskar. Den 12. nasjonale konferansen i namnegransking. Oslo 20. november 2009.....	52
English summary.....	53
Jon Gunnar Jørgensen: Magnus Olsen som filolog	53
Tom Schmidt: Magnus Olsens bidrag til stedsnavnforskningen	57
Ole-Jørgen Johannessen: Magnus Olsen som personnavnforsker.....	62

Per Vikstrand: Magnus Olsen som sakralnamnsforsker	67
Inge Særheim: Magnus Olsen og dei norske <i>staðir-</i> og <i>land-</i> namna	73
Botolv Helleland: Magnus Olsens sakrale profil i <i>Norske Gaardnavne</i> band 11: <i>Søndre Bergenhus Amt</i>	78
Magnus Olsens namnerelaterte publikasjonar	87
Olav Veka: Norsk namnelags rolle i Kulturminneåret 2009	92
STADNAMNTENESTA	
Terje Larsen: Samrådsmøtet 2009	94
NORMERING OG BRUK AV NAMN	
Lars S. Vikør: Namn i Oslo	96
Arne Torp: <i>Hveem, Kvem – eller Kvehm?</i> Lettsindige tanker om en defekt i norsk rettskriving	97
NORNA-NYTT	
Tom Schmidt: NORNA-symposium i Halden	100
NORNA-symposium om tilnamn	100
ANNA MELDINGSSTOFF	
Svensk heider til norsk namnegranskar	101
Michel Nguessan: The American Name Society	101
Christian Zschieschang: 20. Geburtstag der Gesellschaft für Namenkunde	102
ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN	
Line Lysaker Heinesen: Noen tanker om kvinnenavnet <i>Pia</i>	103
Jørgen Ouren: Fornavn i Norge 2009	106
Per Soot: Stedsnavn i Fjære – innsamling og publisering	106
BOKOMTALAR	
Ivar Aars: Nøvn vesta åsen	109
Botolv Helleland: Namn som kjem av kulturell kontakt	112
Line Lysaker Heinesen: Særegne stedsnavn	114
Vidar Haslum: Stedsnavn i Fjære	115
Erlend Tidemann: Navngivning av finske handelsfartøy	117
Eric Papazian: Språknormering	118
Zane Cekula: Critical toponymies	121
NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI	
Klaus Johan Myrvoll: Norsk namnebibliografi 2008	123

LEIAR

NORSK NAMNELAG RUNDAR ÅR

Norsk namnelag vart skipa 18. november 1983 og runda såleis 25 år i 2008, men dette nummeret av *Nytt om namn* er nr. 50, eit jubileumsnummer, og fagtidsskriftet *Namn og Nemne* kom med nr. 25 i 2008. Det er all grunn til å feira både Norsk namnelags 25-årsjubileum, *Nytt om namn* nr. 50 og *Namn og Nemne* nr. 25.

Norsk namnelag er eit like livskraftig lag etter 25 år. Medlemstalet ligg stabilt på nærare 400, og økonomien er rimeleg god. Flimmeret frå massemedium og internett ser førebels ikkje ut til å ha svekt laget. Namnelaget har ingen lokallagsaktivitet, det meste av aktiviteten går føre seg medlemmene imellom og i dei to publikasjonane. I Noreg er interessa stor for alle lokale kulturformer, det vere seg lokalhistorie med utgjeving av bygdebøker eller talemål med utgjeving av ordbøker og stoff på dialekt. Det språklege og lokalhistoriske engasjementet gjev seg òg uttrykk i ei levande interesse for namn, særleg stadnamn og personnamn. Denne interessa med eit lokalt feste er mykje av fundamentet for Norsk namnelag. Utan ei slik breidd i medlemsstokken ville Namnelaget truleg vore innsnevra til eit lite lag av fagfolk utan ein landsomfattande organisasjon slik vi ser det i dag.

Det folkelege engasjementet må Namnelaget ta vel vare på, og den beste måten vil vera å halda på den noverande profilen i meldingsbladet med ein variasjon i stoffutvalet som treffer flest mogleg lesarar: småartiklar om lokale namn og normeringsproblem, meldingar av lokale og nasjonale skrifter med språklege emne, debattinnlegg og elles kortare faglege artiklar som ikkje får plass i fagtidsskriftet, vidare nytt frå skandinaviske og internasjonale organisasjonar (NORNA, ICOS), osb. Spennvidda i stoffutvalet i meldingsbladet er i seg sjølv eit godt argument i medlemsvervinga.

Det akademiske nivået er teke vel vare på i fagtidsskriftet, som òg er ein integrert del av laget. Det var Nils Hallan som i si tid tok initiativet til laget og dei to skriftseriane. Hausten 1983 kom arbeidet i sving, ved ei arbeidsdeling mellom tre fagmiljø: I Trondheim hadde dei den fyrste formannen, Reidar Djupedal (1921–1989), til Bergen kom redaksjonen for fagtidsskriftet *Namn og Nemne*, med Oddvar Nes og Ole-Jørgen Johannessen som dei fyrste redaktørane, og *Nytt om namn* vart lagt til Oslo, med Botolv Helleland som ansvarleg redaktør – og det har han vore sidan starten i 1984. Frå nr. 7 har han hatt med seg medredaktørar som har teke sin del i kortare eller lengre periodar, og frå nr. 35 redaksjonssekretær. Gunnstein Akselberg (Bergen) har vore medredaktør for *Namn og Nemne* sidan 1995, og Kristoffer Kruken (Oslo) har vore medredaktør i perioden 2005–2009. Alt dette vitnar om stort engasjement, og det er grunn til å takka desse og alle dei andre for det arbeidet dei har lagt ned, og legg ned, i Namnelaget.

Når det elles gjeld aktørane i seinare norsk namnegransking, kan det visast til Jørn Sandnes' artikkel i *Namn og Nemne* 23 (2006).

Alle som vil halda seg oppdaterte om det som rører seg innanfor norsk namnegransking, må tinga tidsskriftet og såleis også verta medlemmer av Norsk namnelag. *Namn og Nemne* når vidt og rekrutterer medlemmer utanfor landegrensene. Den akademiske profilen laget har i jubileumsåret, er like viktig som eit meir folkeleg engasjement, begge er berebjelkar i Norsk namnelag.

Ser vi framover, ligg arbeidet for å hindra ei privatisering av skrivemåten av stadnamn (gardsnamn) nærast i tid. Namnelaget møtte på høyringa i Stortinget 21. oktober 2008 og la fram både praktiske og faglege innvendingar til liks med dei fleste andre frammøtte – utan at argumenta fekk noko som helst gjennomslag blant politikarane.

Den største oppgåva vil på lengre sikt vera å stø eit nasjonalt prosjekt med innsamling av stadnamn. Det trengst. I store område av landet manglar framleis eit systematisk innsamla materiale. Slik bør det ikkje vera i Kulturminneåret 2009.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

NORSK NAMNELAG

STYREMØTE

Det vart halde styremøte i Norsk namnelag den 19. november 2009 i lokala til Språkrådet for å førebu landsmøtet dagen etter.

Leiaren la fram utkastet til årsmelding som styret slutta seg til. Styret vil be landsmøtet om godkjenning av praksisen med utbetaling av honorar for arbeidet med redigering og korrekturlesing av *Nytt om namn*. Kvaliteten på meldingsbladet syner at dei pengane vert vel brukte.

Styret vil rå til at heimesida vert brukt meir aktivt i den neste treårsperioden til informasjon om saklista før landsmøtet i 2012. Styret vil også be det neste styret vurderer å justera vedtektene slik at heimesida kan få sin eigen formelle status som informasjonskanal for medlemmene.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

PROTOKOLL FRA LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG 20. november 2009 for perioden 2006–2009

Leder Olav Veka ønsket velkommen, og forsamlingen foreslo Olav Veka som møteleder og Ole-Jørgen Johannessen som referent. Begge ble enstemmig valgt.

Det var ingen merknader til innkallingen, men på dagsordenen ble pkt. 10, Ymse, strøket.

Pkt. 1. Virksomheten i Norsk namnelag 2006–2009
Treårsmeldingen 2006–2009 ble delt ut og gjennomgått av leder.

Pkt 2. Tidsskriftet *Namn og Nemne*
Det framkom ingen andre merknader utover det at tidsskriftet nå er kommet i rute, og at redaktørene regner med at årgangen 2009 vil foreligge før nyttår. Tidspunktet for innkreving av medlemspenger ble også drøftet.

Pkt. 3. Meldingsbladet *Nytt om namn*
Landsmøtet bifalte praksis med honorar for redaksjonssekretæren.

Pkt. 4. Hjemmesiden
Det ble opplyst at en ny vervebrosjyre vil bli utformet og lagt ut på nettet til nedlasting etter behov. Dessuten ble det foreslått nye artikler på hjemmesiden, en om gatenavn og en om dyrenavn.

Pkt. 5. Regnskap
Anne Svanevik gjennomgikk regnskapet. Det ble påpekt at et revidert regnskap blir sendt ut tre uker på forhånd.
Jostein Valved framsatte følgende forslag: «Landsmøtet godkjenner rekneskapen føreset at revisjonsberetninga ikkje tilseier noko anna.» Landsmøtet sluttet seg enstemmig til forslaget.

Pkt. 6. Framlegg fra styret om øking av medlemspengene fra kr 150 til kr 200
Etter en kort debatt ble styrets forslag om øking av årsabonnementet fra kr 150 til kr 200 enstemmig vedtatt.

Pkt. 7. Lovendring
Styret la fram et forslag om å endre § 3: «Landsmøtet vel òg to ettersynsmenn» til «Landsmøtet vel òg éin ettersynsmann». Styrets forslag ble enstemmig vedtatt.

Pkt. 8. Arbeidet framover

Styret redegjorde for tanker om arbeidet i laget i framtiden. Det gjelder utviding og vedlikehold av nettsiden, å bedre tilpassingen av nettsiden for elever og skoleverket. Dessuten må lovene justeres i samsvar med øket bruk av internettet (jf. §§ 3 og 7). Namnelaget må holde fokus på innsamling av stedsnavn i de kommende årene.

Jostein Valved la fram følgende forslag: «Styret får fullmakt til å dele ut inntil 2 stipend årleg til vidarekomne studentar i namnegransking.» Årsmøtet sluttet seg enstemmig til forslaget.

Pkt. 9. Valg

Valgnemnda, Anne Svanevik og Terje Larsen, la fram følgende forslag: Leder: Olav Veka (gj.v.). Nestleder: Anne Svanevik (gj.v.). Styremedlemmer: Gunnstein Akselberg (gj.v.), vara: Tor Erik Jenstad (gj.v.); Marit Breie Henriksen (gj.v.), vara: Terje Larsen (gj.v.); Åse Wetås (gj.v.), vara: Vidar Haslum (ny).

Redaktører av *Namn og Nemne*: Gunnstein Akselberg (gj.v.), Inge Særheim (ny), Gudlaug Nedrelid (ny) og Aud-Kirsti Pedersen (ny).

Redaksjon for *Nytt om namn*: Botolv Helleland (ansv.), Klaus Johan Myrvoll (red.sek.), Gudmund Harildstad og Vidar Haslum (alle gj.v.)

Ettersynsmann: Boye Wangensteen (gj.v.)

Regnskapsfører: Jarle Halveg (gj.v.)

Alle forslagene ble enstemmig vedtatt.

Landsmøtet takket særskilt Jarle Halveg for arbeidet med Norsk namnelags regnskap, Nancy Coleman for etableringen og vedlikeholdet av lagets hjemmeside og lederen av Norsk namnelag, Olav Veka, for innsatsen i landsmøteperioden 2006–2009.

Bergen, 2. desember 2009
Ole-Jørgen Johannessen
ole-jorgen.johannessen@lle.uib.no

NY VERVEBROSJYRE

Norsk namnelag har lagt ut på heimesida www.norsknamelag.no under klikkpunktet «Medlemskap» ein ny vervebrosjyre som lett kan lastast ned og skrivast ut til verving av nye medlemmer. Brosjyren finst på både nynorsk og bokmål, og i ei noko omarbeidd utgåve på engelsk til informasjon om laget. Landsmøtet 2009 auka kontingenten til 200 kr året frå og med 2010, men den gamle vervebrosjyren frå 2005 kan framleis brukast. Bruk

brosjyrane og verv nye medlemmer der namneinteresserte folk møtest, på konferansar, lagsmøte i historielag, mållag, osb.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

UTLYSING AV STIPEND

På landsmøtet til Norsk namnelag 20. november 2009 vart det under pkt. 8 «Arbeidet framover» vedteke å gje styret «... fullmakt til å dele ut inntil 2 stipend årleg til vidarekomne studentar i namnegransking». Som føremål vart nemnt mellom anna stipend til deltaking på nordiske konferansar i namnegransking.

Styret vil gjerne lysa ut inntil to stipend i 2010 og bed om at søknader vert sende til leiaren i Norsk namnelag. Fristar er 21. mars og 1. september. Stipenda er også lyste ut på heimesida.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

JUBILEUM

NYTT OM NAMN – 50 NUMMER

Nytt om namn har nu nått sitt femtionde nummer. Dette »Meldingsblad for Norsk namnelag», som undertitelen lyder, har sedan 1984 med sina två nummer om året (bortsett från 1985 och 1986, då bara ett nummer sändes ut), således under ett helt kvartssekel, glatt sin läsekrets.

Norden kan glädja sig åt en ovanligt lång rad tidskrifter för namnforskning – en spegel av den livaktiga forskning som av ålder har rått på detta område. Äldst är *Namn och bygd. Tidskrift för nordisk ortnamnsforskning* (NoB), startad av Jöran Sahlgren 1913, världens äldsta och länge enda namntidskrift. Den ingår sedan lång tid tillbaka i Kungl. Gustav Adolfs Akademiens utgivningsverksamhet. NoB följdes av årsskrifter utgivna av två svenska ortnamnssällskap, Sydsvenska ortnamnssällskapet, bildat 1925, och Ortnamnssällskapet i Uppsala, bildat 1935. I båda fallen var Sahlgren involverad, som initiativtagare till det förra och som en av grundarna av det senare. *Sydsvenska ortnamnssällskapets årsskrift* (SOÅ) började utkomma 1925 men insomnade tyvärr för gott med årgång 2008. *Ortnamnssäll-*

skapets i Uppsala årsskrift (OUÅ), vars första årgång publicerades 1936, lever emellertid friskt vidare.

NoB, SOÅ och OUÅ från tiotalet, tjugotalet och trettioalet kan ses som en första generation av våra nordiska namntidskrifter. De kan alla tre knytas till Jöran Sahlgren och hans insats för nordisk ortnamnsforskning. Det är att märka att de alla tre i sina namn är inriktade just på ortnamnen men att de i praktiken samtidigt också har beaktat personnamnen.

Nästa generation av namntidskrifter hör till 1980-talet. De är alltså tillkomna under den första fasen av NORNA-epoken, vilket inte är någon tillfällighet. Bildandet av Nordiska samarbetskommittén för namnforskning på sjätte nordiska namnforskarkongressen i Helsingør 1971 innebar ju en aktivering av nordisk namnforskning, och förkortningen NORNA kom att få en speciell klang som plusnamn (se *Nytt om namn* nr 8, 1988, s. 37 f., och nr 9, 1989, s. 30).

År 1983 utkom i Uppsala första årgången av *Studia anthroponymica Scandinavica. Tidskrift för nordisk personnamnsforskning* (SAS), startad av Lena Peterson och undertecknad, numera, fr.o.m. årgång 27 (2009), ingående i Kungl. Gustav Adolfs Akademiens tidskriftsutgivning. SAS var den första personnamnstidskriften i världen och förblev länge så; sedan 2006 har den vid sin sida specialtidskriften *Zunamen/Surnames*, utgiven i Hamburg.

Året 1983 är särskilt viktigt också för norsk namnforskning. Det året bildades Norsk namnelag, enligt stadgarna med syfte att »vekkje interessa for og styrkje kjennskapen til namn, namnevitskap og namnevern» (*Nytt om namn* nr 1, 1984, s. 3 § 1). För att uppnå detta syfte utger sällskapet dels en tidskrift, dels ett meddelandeblad. Tidskriften *Namn og Nemne* (NN) började utges 1984, och dess tjugofemte årgång bär årtal 2008. *Nytt om namn* utkommer med två nummer om året, och detta nummer är det femtionde.

Nytt om namn är inte någon konkurrent till NN eller till de andra här nämnda tidskrifterna, till vilka sedan 2003 sluter sig en isländsk nättidskrift, *Nefnir*. *Nytt om namn* är fastmer ett komplement till de mera rent vetenskapliga tidskrifterna, med nyttig, varierande och stimulerande information på namnforskningens område. Gränsen mot de andra tidskrifterna är för övrigt inte knivskarp. *Nytt om namn* citeras inte sällan i facklitteraturen.

Alltifrån första numret har Botolv Helleland varit redaktör för *Nytt om namn*. Han var till att börja med ensam i denna befattning men fick så småningom medredaktörer vid sin sida, nu senast Gudmund Harildstad och Vidar Haslum. Tillägget »(ansv.)» efter hans namn på titelsidan markerar hans ledande ställning.

Omfånget av *Nytt om namn* var till att börja med anspråkslöst. Enligt presentationen i första häftet (s. 1) syftar man på 15–20 sidor per nummer, men inom de ramarna höll sig *Nytt om namn* bara ett par år. Numera ligger

omfånget mestadels på runt 70–80 sidor, undantagsvis till och med betydligt mer.

Nytt om namn vill enligt första numret (s. 1) vara »eit organ for Norsk namnelag samstundes som det vil gje informasjon om ulike sider ved namn og namnebruk». Såsom organ för Norsk namnelag fokuserar *Nytt om namn* helt naturligt på norska förhållanden. Till de stående inlagen hör rapporter om Norsk namnelag, om namnforskning, ortnamnsvård och ortnamnsnormering i Norge, vidare presentationer av »hovud- og masteroppgåver». Fr.o.m. 1990 publiceras årligen en norsk namnbibliografi för föregående år.

En röd tråd i *Nytt om namn* är diskussionen om normering av ortnamn och komplikationen i förhållandet mellan gårdnamn och släktnamn/efternamn. »Striden om gardsnamna» (titel på ett inlägg av Helleland i nr 47, 2008, s. 12) har närmast evighetskaraktär, och *Nytt om namn* hjälper oss att hänga med i de olika turerna. I det senaste häftet, nr 49, ägnas ett helt block med flera författare åt temat »Normering og bruk av namn», en fråga som fått särskild aktualitet under kulturminnesåret 2009 och som ur den aspekten också tas upp i Olav Vekas ledare, »Kva er eit kulturminne?». Det är viktigt att understryka att just ortnamnen utgör våra äldsta språkliga kulturminnen.

På sistone har också andra personnamnsproblem än sådana som är knutna till gårdnamn dragit till sig uppmärksamhet. Det är den norska personnamnslagen 2003 och dess tillämpning som då står i fokus, och vi svenskar kan konstatera att vår ledande plats ifråga om för- och efternamnsliberalitet känns hotad. Å andra sidan försöker i varje fall den svenska Regeringsrätten i en färsk dom, meddelad den 28 september 2009, hävda vår ställning genom att låta en man lägga till *Madeleine* till sitt förnamn *Jan-Olov* (RR:s dom, mål nr 2893-09).

Från att främst ha varit inriktat på norska förhållanden har *Nytt om namn* mer och mer utvecklats till ett nordiskt och även internationellt forum. Det rapporteras regelbundet om NORNA, vidare om den internationella namnforskarorganisationen, International council of onomastic sciences (ICOS), och om FN:s ortnamnsvårdande verksamhet. Recensionerna av namnlitteratur, som växer i antal och omfång, gäller ingalunda bara norska verk.

Ett viktigt inslag i *Nytt om namn* är information om kongresser och konferenser runtom i världen. Särskilt värdefulla är de utförliga rapporterna från de årliga nationella namnkonferenserna i Norge, på senare år kompletterade med en konferens om namn och identitet (i nr 46, 2007) och dess internationella uppföljare »Names and identities» (i nr 48, 2008). Den norska konferensverksamheten är ett glädjande tecken på den sprudlande aktiviteten inom den norska onomastiken.

Sedan nr 26 (1997) inleds *Nytt om namn* med ledare, normalt skrivna av Norsk namnelags ordförande. Det var Gunnstein Akselberg som införde

denna lyckade innovation, hämtad från tidningsvärlden. Även huvudredaktören skriver ledare, och ibland har han och ordföranden var sin ledare. Viktiga ämnen för ledarna är namnforskning, särskilt norsk, alltifrån insamling till paradigmdiskussion, namnvård och namnskydd, lagstiftning om ortnamn och personnamn och dess tillämpning. Normering av gårdnamn står stadigt på agendan, på senare tid också liberaliseringen av det norska personnamnsskicket.

Försvaret av norskt språk är en genomgående linje i *Nytt om namn*. Det har också det norska kungahuset fått känna på. Inför den väntade nedkomsten av en ättling till Märtha Louise och Ari Behn ger Gunnstein Akselberg i en ledare i nr 36 (2002) goda råd under rubriken »Kongefamilien, namneval og namnetradisjonar». Föräldrarna gav emellertid sin 2003 födda dotter namnet *Maud Angelica*. Det valet kritiseras av Botolv Helleland i en ledare i nr 37 (2003), och han är orolig för att *Maud* och *Angelica*, särskilt i kombination, skall bli föremål för uppkallelse. Samma oro uttrycker Gunnstein Akselberg i avslutningen till en ledare om den nya personnamnslagen i samma häfte. Vår svenska kronprinsessa Victoria och hennes blivande prinsgemål Daniel med väntade prinsar och prinsessor kommer att bli minst lika påpassade, och kanske kommer också föräldrarnas namnval att kommenteras, dock knappast i någon nämnvärd grad av namnforskare.

»Unorsk» är i Norge ett starkt språkligt argument, t.ex. mot *Maud* och särskilt *Angelica*, ett namn som enligt Helleland leder långt »bort frå norsk namnetradisjon». Så använder vi i Sverige inte det motsvarande »osvensk». Det adjektivet har i dagens språk snarast positiv klang, betecknar en öppenhet som inte förväntas av oss svenskar, i ordboksformulering: »som inte är typisk för Sverige eller svenskarna enl. traditionella föreställningar: *hon berättade om sitt liv med osvensk öppenhet*» (*Svensk ordbok* utg. av Svenska Akademien, 2009, s. 2252). Om det finns nationalkaraktärer, så speglas de nog i det nämnda motsatsparet.

Nytt om namn är i allt väsentligt Botolv Hellelands verk, alltifrån grundkonceptionen till den praktiska utformningen genom åren. Hans sakkunskap och kringssyn inom namnforskning och namnvård och hans vittfamnande internationella nätverk, allt parat med en journalistisk ådra och en påtaglig glädje över att sprida onomastisk information, borgar för en gedigen och läsvärd produkt.

Det är svårt att tänka bort *Nytt om namn* ur den nordiska onomastiska tidskriftsfloran. Detta »meldingsblad» fyller sin målsättning med bravur, och vi läsare ser fram emot att också i fortsättningen få ta del av dess mångskiftande »meldingar».

Thorsten Andersson
thorsten.andersson@telia.com

LITT OM STOFFUTVALET I NYTT OM NAMN

Det «bladet» du held i handa nå, er nummer 50 av *Nytt om namn*. Det fyrste nummeret, som kom ut i 1984, var ei tynn flis på 17 sider, men deretter har sidetalet auka gradvis, og frå og med 2005 har meldingsbladet fleire gonger vori på over 80 sider. Ja, i 2007 kunne vi gle oss over heile 121 sider. *Nytt om namn* har kommi jamt og trutt, omtrent på det tidspunktet vi har venta det. Berre éin gong var det nødvendig å gi ut eit dobbeltnummer (5–6 i 1987). Når medlemstalet i Norsk namnelag gjennom fleire år har legi høgt (ca. 400), har nok *Nytt om namn* mye av æra for dette, for ein treng ikkje vera namnespesialist for å ha glede av bladet. Eg vil her gi nokre døme på det store mangfaldet i bladet gjennom mange år, og dette inneber nødvendigvis at eg reknar opp ein del artikkeloverskrifter. (I parentes etter artikkeloverskrifta står det aktuelle nummeret av *Nytt om namn*.)

Det er kanskje ikkje uventa at det er stadnamnartiklane som dominerer. Særleg mange kjem inn på normeringsspørsmål, t.d. «Skrivemåten av gardsnamna våre – kven skal bestemme?» (48), «Kan kven som helst gje namnlause fjelltoppar namn?» (47), «Normering av stadnamn – 150 år» (9), «Fråsegn om namn på postkontora» (13), «Fint skal det vera – om namn på byggjefelt» (24), «Andebusokninger ergrer seg over nye veinavn» (36), «Makkverk, ikkje kartverk» (7), «Veinavn til å spy av» (24, utklipp frå avisa *Tromsø*). Ofte er det eit konkret stadnamn som blir diskutert, t.d. «*Tynset* – eit normeringsproblem» (13), «Striden om *Møysalen*» (28), «Namnesaka *Heksebergåsen*» (23). I ein del tilfelle viser artikkeloverskriftene spesifikt kva for normeringsalternativ som blir drøfta, t.d. «*Glåma* eller *Glomma*?» (25), «*Bessegegen* eller *Besseggi*?» (14), «*Tron* eller *Tronden*?» (14), «*Filefjell* eller *Fillefjellet*?» (22), «*Sem* eller *Semb*?» (23), «*Krokvåg* eller *Kråkevåg*?» (24), «*Venjastaua* – *Venjastua* – *Venjastova*» (36). Nokre av dei namna som har vori drøfta i *Nytt om namn*, har hamna i klagenemnda for stadnamnsaker. Her har sekretæren i nemnda, Terje Larsen, gjort ein framifrå innsats. Sidan 1993 har han presentert oversyn over vedtaka i nemnda. Slike oversyn finn vi normalt i annakvart nummer – det fyrste i nr. 19.

I tillegg til stadnamnartiklar med eit normeringsperspektiv fins det andre artiklar som meir allment dreier seg om stadnamn, t.d. «Samiske stadnamn før og no» (9), «Hvordan bør et historielag ta vare på stedsnavn?» (46), «Stadnamn langs ei gassrørleidning» (13). Mange artiklar har naturleg nok ei lokal eller regional forankring. Her er heile landet dekt, t.d. «Innsjønamn i Hedmark» (7), «Stadnamninnsamling på gymnaset i Valdres» (3), «*Bråten*-namn i Hallingdal» (12), «Stadnamninnsamling i Rogaland» (1), «8600 stadnamn frå Lærdal» (9), «Stadnamnprosjektet i Møre og Romsdal» (7), «Stadnamn frå Værøy og Røst» (13), «Médnavn fra Sør-Troms» (4), «Stadnamninnsamling i Tana» (13), «Kva for stadnamn bruker russa-

rane på Svalbard?» (34). Etymologisk forskning på stadnamn har stått sterkt i Noreg, men det er forholdsvis få etymologiske artiklar i *Nytt om namn*, og grunnen kan vera at slike artiklar høver betre i *Namn og Nemne*.

Det er på langt nær så mange artiklar om personnamn som stadnamn. Til liks med stadnamna er det nokre artiklar som har ei normativ vinkling, t.d. «Bør namnet *Birk* forbydast?» (15), «Forbod mot namnet *Vinjar*?» (20), «*Storm* som fornavn for gutt» (26), «Ho kan heite *Henne*» (30), «Personnamn og jus» (20), «*Tog, Gudergod* og *Hværsaagod* – om praktiseringa av den nye namneloven» (39). Nokre artiklar dreier seg om sjeldsynte namn, t.d. «*Sebuska* – fra Murmankysten til døpefonten» (30), «*Åkne* – eit sjeldsynt mannsnamn» (34), «Opphavet til kvinnenamnet *Mille*» (22). Mangfaldet i artiklane kjem også til uttrykk i titlar som desse: «Finnemantalet 1686» (13), «Samiska namngivningsriter i början av 1700-talet» (26), «Personnamn i esperanto» (38) og «Internett-tøv om namn på innsette i fengsel» (30).

Dyrenamna er representert med forholdsvis få artiklar, t.d. «*Dagros* og *Semina*» (15) og «*Lady Diana* populært kunamn» (28), «Samisk kunavntradisjon» (17), «Samiske hundenavn» (18) og «Sammenlikning mellom samiske kunavn og hundenavn» (19). I namnegranskinga har vi også kategorien «Andre namn», og innafor denne sekkekategorien fins det artiklar som «Geologiske namn – eit stort namneverk» (22), «Navn på stormer» (26), «Namnsetjing i solsystemet» (27). Når vi nå held på å flytte oss ut i universet, er det på sin plass å nemne at meldingsbladet også kan innehalde stoff som nærmast lyftar oss frå jorda. Eg tenkjer her på namnepoesi (nr. 48) av den folkekjære lyrikaren Helge Stangnes, som også driv med namnegransking.

Det er forteneestefullt at meldingsbladet gir omtalar av hovudfags- og mastergradsavhandlingar om namn. Somme studentar har arbeidd lenge med avhandlingane sine, kanskje meir enn to år, og dei sett stor pris på at arbeida deira blir omtalt i *Nytt om namn*. Slike omtalar kan også føre til at namneinteresserte rundt om i landet kan få lyst til å låne avhandlingane deira frå universiteta. Nokre artiklar i *Nytt om namn* har også eit didaktisk perspektiv, t.d. «Personnamn som særpensum i vidaregåande skole» (8).

Dei fleste artiklane gjeld naturleg nok namn i Noreg, men vi finn også artiklar om namn i utlandet, t.d. «Geografiske navn i diverse språk» (42), «Personnamn og namnerøkt på Færøyane» (12), «Nye doktoravhandlingar i nabolanda» (13), «Estiske namn» (28), «Etternavn i Latvia» (45), «Tysk atlas over slaviske namnetypar» (35), «Ideologisk navngivning i Tyskland» (12), «Namn på fransk» (20), «Toppnamn i Australia» (30), «Namneskikkar i Zimbabwe» (28).

For namnegranskarar er det svært nyttig at *Nytt om namn* i annakvart nummer presenterer ein bibliografi over namnelitteratur. I fyrstninga (frå 1990) var det Kristoffer Kruken som stod for det nitide arbeidet med å laga

årlige bibliografiar. I ein mellomperiode (frå 1996) var det andre som tok på seg dette oppdraget, og frå 2003 har Klaus Johan Myrvoll hatt ansvaret for bibliografien. I 2011 kunne det kanskje vera aktuelt å publisere eit spesialnummer av *Nytt om namn* med ein samla namnebibliografi for perioden 1990–2010? Da kunne ein støype saman bibliografiane for dette tidsrommet. Myrvoll har også vori redaksjonssekretær (frå 2002), og vi kan særleg takke han – og redaktøren Botolv Helleland – for at bladet er godt redigert. Myrvoll er dessutan ein eminent korrekturlesar, noko han også har dokumentert i *Dag og Tid*.

Botolv Helleland har seti i redaksjonen heilt frå det fyrste nummeret, og frå og med nr. 26 har han vori ansvarlig redaktør. Dei som har arbeidd saman med Botolv i redaksjonen, veit at det er han som har gjort den største innsatsen med å gjøra *Nytt om namn* klart til publisering. Med det store kontaktnettet sitt – både i Noreg og i utlandet – har han klart å skaffe mye interessant artikkelstoff. Både for medarbeidarane sine i redaksjonen og for artikkelforfattarane har han vori ein *inspirator et instigator* ('pådrivar'). Det er også Botolv som har skrivi flest artiklar i meldingsbladet vårt, både signerte og usignerte. Når *Nytt om namn* nå kan jubilere med 50 nummer, er det mye takka vere Botolvs innsats. Så får vi berre vone at han har gneist til å stå på for bladet i mange år til.

Gulbrand Alhaug
gulbrand.alhaug@uit.no

RAPPORT FRÅ SAMRÅDINGSMØTE OM STADNAMNSAMLINGAR

STADNAMNPROSJEKT MED STØTTE FRÅ KULTURDEPARTEMENTET

På grunnlag av ein søknad frå Samarbeidsnemnda for namnegransking saman med Institutt for lingvistiske og nordiske studium/Namnegransking, Universitetet i Oslo, løyvde Kulturdepartementet i august 2009 570 000 kroner til eit tredelt stadnamnprosjekt. Det eine delprosjektet (Hedmarksprosjektet) galdt registrering av lokale og private stadnamnsamlingar i Hedmark fylke med tanke på å kartleggja innsamlingssituasjonen i fylket for så å prøva ut ein metode for å fylgja opp innsamlinga, særleg ved hjelp av eldre. Det andre delprosjektet (Innskrivingsprosjektet) skulle gå ut på å måla ressursbehovet for å skriva inn, konvertera og samordna norske stadnamn i ein felles, landsfemnande base, kalla Norsk stadnamnbase, noko som føresette eit samarbeid mellom dei ulike institusjonane som forvaltar stadnamnmateriale. Det tredje delprosjektet (Samrådsmøtet) skulle kart-

leggja samlingsituasjonen over heile landet og vurderer trongen for vidare innsamling. For å gjennomføra dette siste vart det lagt opp til eit samrådsmøte med deltakarar frå dei ymse faglege institusjonane, med Samarbeidsnemnda som fagleg ansvarleg. Dette møtet vart halde torsdag 19. november i møtesalen i Språkrådet. Universitetet i Oslo har vore rekneskapsførar.

Departementet ynskte at mest mogeleg av prosjektet skulle utførast i 2009, men sidan løyvinga kom så seint, vert det naudsynt å bruka dei fyrste månadene av 2010. Når prosjektet vert avslutta eit stykke ut på nyåret, skal det lagast ein rapport på grunnlag av dei røynslene ein har gjort. Rapporten vil kunna gje ein viss kalkyle over kva ressursar som trengst for å samla inn uteståande materiale og gjera det tilgjengeleg på data.

Medarbeidarane i Hedmarksprosjektet er Beate Kraggerud, Jorunn Aarsby, Frode Myrheim og Botolv Helleland, sistnemnde er prosjektleiar. Prosjektmedarbeidar i Innskrivingsprosjektet er Line Lysaker Heinesen. Ansvarlege for Samrådsmøtet har vore Ole-Jørgen Johannessen og Botolv Helleland, med støtte frå namnegranskarmiljøet i Oslo.

Deltakarar på samrådsmøtet:

Gunnstein Akselberg, Universitetet i Bergen

Gulbrand Alhaug, Universitetet i Tromsø

Johnny Andersen, Statens kartverk

Irene Andreassen, Høgskolen i Alta

Ingvar Engen, Kulturdepartementet

Astrid Sann Evensen, Stadnamntenesta, Tromsø

Vidar Haslum, Universitetet i Stavanger

Line Lysaker Heinesen, prosjektmedarbeidar, Oslo

Kaisa Rautio Helander, Samisk høgskole

Botolv Helleland, Universitetet i Oslo

Ole-Jørgen Johannessen, Universitetet i Bergen

Beate Kraggerud, Hedmarksprosjektet, Oslo

Randi Melvær, Fylkesarkivet Sogn og Fjordane

Frode Myrheim, Hedmarksprosjektet, Stange

Gudlaug Nedrelid, Høgskolen i Agder

Birger Nesholen, Norsk skogfinsk museum, Grue

Asgeir Nesøen, Universitetet i Oslo

Christian-Emil Ore, Universitetet i Oslo

Tom Schmidt, Universitetet i Oslo

Knut Sprauten, Norsk lokalhistorisk institutt, Oslo

Kjell Erik Steinbru, Stadnamntenesta, Bergen

Tormod Stauri, Høgskolen i Hedmark

Anne Svanevik, Statens kartverk

Inge Særheim, Universitetet i Stavanger

Sigfrid Tвитеkkja, Språkrådet, Oslo
 Olav Veka, Norsk namnelag, Brumunddal
 Oddmund Vestenfor, Statens kartverk
 Snorre Øverbø, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
 Jorunn Aarsby, Hedmarksprosjektet, Skreia

INNSAMLING AV STADNAMN I NORD-NOREG

Allment

Ved Institutt for språkvitskap, Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning, Universitetet i Tromsø, finst ei arkivsamling som vi har gjeve det pompøse namnet Nordnorsk talemåls- og stadnamnarkiv. Det er mange år og fleire omorganiseringar og institusjonelle namneendringar sidan dette såkalla arkivet blei tilført ressursar. I dag er situasjonen slik at det ikkje eingong er ressursar til å formidle kopi av samlingane når nokon frå tid til anna vender seg til oss for å få kopi av materiale som vi har. Samlingane består av lydbandinnspeilingar, lydassetar og materiale i ulike typar papirformat og ein liten del materiale i elektronisk form – det sistnemnde materialet blir ikkje oppdatert etter kvart som datateknologien går sin gang, og det blir meir og meir utilgjengeleg med tida. Med andre ord: Her kan det ligge an til å bli mange timars bortkasta arbeid.

Om eg skal seie noko allment om stadnamnsamlingane her, så har vi både originalsamlingar og kopi av materiale frå andre institusjonar. Her finst materiale frå alle dei tre nordnorske fylka, men mest frå Troms og Finnmark fylke. Hovudmengda av materialet har komme inn i 1980- og 1990-åra, og mange ulike personar har stått for innsamlingane. Det finst namnesamlingar på både kvensk, samisk og norsk, mest det sistnemnde språket. Samlingane er av ulikt slag med meir eller mindre detaljert informasjon om kvart enkelt namn.

Mens Dokumentasjonsprosjektet pågjekk, blei alle arkivkort og setlar som fanst ved arkivet, i alle fall originalsamlingar og Indrebø-materialet frå Nord-Noreg, digitalisert og lagt ut på nettet, men ein kan ikkje søke i dette materialet sidan søkeprogram ikkje blei laga. Eg ser no at dette materialet ikkje er tilgjengeleg lenger på nettsidene til Dokumentasjonsprosjektet heller, for nettsidene har ikkje vore oppdaterte sidan 2007.

Område som namnesamlingar manglar frå

I Nordland fylke har stadnamnprosjektet til Finn Myrvang stått for innsamling av stadnamn truleg i alle kommunar, og eg går ikkje inn på stoda i Nordland fylke. I Troms og Finnmark er det også blitt samla inn ein god del materiale, men innsamlingane er ujamne, og frå mange bygder er ingen-

ting samla inn. Den kommunen i Troms som det truleg er samla inn minst i, er Karlsøy kommune. Her er nesten ingenting dokumentert utover det ein finn på offentlege kart. Eit unntak er Gustav Indrebøs samling frå Helgøy. Generelt kan ein seie at det er blitt samla inn færre namn i Sør-Troms enn i Nord-Troms, men også i Nord-Troms er det mange område som det ikkje er blitt samla inn namn i. Det gjeld spesielt kystområda i alle kommunane. Indre Troms er også dårleg dekt av innsamlingar.

Hildur Hatlebrekkes samlingar frå Finnmark er frå kystområda, men her er det berre enkelte namn som er blitt samla inn. Kyst- og fjordområda av Finnmark er det elles blitt samla inn lite i. Best dekt er Alta kommune, delar av Hammerfest, Kvalsund, Porsanger og Sør-Varanger når det gjeld norske stadnamn.

Arbeidsoppgåver

- Å opprette ein namnedatabase som samlar og samordnar alle opplysningar om stadnamn i eksisterande namnesamlingar, både tidlegare digitaliserte og ikkje-digitaliserte samlingar. Databasen bør innehalde namn frå alle språka i Noreg, eller kanskje heller alle stadnamndatabasar bør samordnast under ein felles portal.
- Å samle inn namn som ikkje er blitt dokumenterte hittil, og supplere med fleire opplysningar i område der samlingar alt finst. Ofte kan eksisterande samlingar vere svært mangelfulle og berre dekke eit avgrensa område.

Aud-Kirsti Pedersen
aud.kirsti.pedersen@hum.uit.no

INNSAMLING OG ARKIVERING AV SAMISKE STEDSNAVN I NORGE – HISTORIE OG SITUASJON I DAG

I 1921 ble Norsk stadnamnarkiv opprettet med et nasjonalt ansvar for innsamling og arkivering av norske stedsnavn. Dette arkivet ble opprettet i en tid da den norske statens politikk overfor samene gikk ut på assimilering, dvs. fornorskning. Som følge av denne politikken ble heller ikke innsamling og arkivering av samiske (dvs. sør-, lule-, nord- og østsamiske) navn definert som et nasjonalt ansvar i 1920-årene da stedsnavnarkivet ble opprettet. Dokumenter angående spesielt kartarbeid og jordsalg i de samiske områdene beskriver meget klart datidas praksis med fornorskingen av det samiske navneverket. Stedsnavnarkivets ansvar og rolle i forhold til samiske stedsnavn har vært retningsgivende også for senere tider med den følge at innsamling og arkivering av samiske navn ikke er definert som et nasjonalt ansvar.

Hvis man sammenligner denne situasjonen med nabolandene Sverige og Finland, har de nasjonale arkivene i begge disse land både organisert innsamlinger og sørget for arkivering av samiske navn. I Finland har man også samlet inn og arkivert finskspråklige navnematerialer utenfor landets grenser, noe som i praksis betyr at den største delen av det kvenske navnematerialet i Norge er samlet inn og bearbeidet med finske midler av finskspråklige fennister. Dette materialet er arkivert i Forskningscentralen för de inhemska språken i Helsingfors.

Hva da med arkivsituasjonen i Norge? Innsamling og arkivering av det samiske navnematerialet er preget av at det den dag i dag ikke fins f.eks. et sentralt arkiv med navnefaglig kompetanse til å organisere innsamlingsarbeid, veilede eventuelle prosjektmedarbeidere og følge opp innsamlinger, samt å bearbeide navnemateriale etter faglige og metodologiske krav og arkivere det for forskning og bruk bl.a. i det praktiske navnerøktarbeidet.

En del innsamlet materiale fins i mange forskjellige former spredt rundt omkring både hos privatpersoner, organisasjoner (bl.a. i sameforeninger) og i tillegg i noen institusjoner som bl.a. ved Universitetet i Tromsø, Samisk høgskole (spesielt materiale fra tidligere Nordisk samisk institutt) samt ved den samiske stedsnavntjenesten ved Sametinget.

Innsamling av samiske stedsnavn har ofte også vært knyttet til Kartverkets kartrevisjonsarbeid. Arbeidet med nye topografiske kart fra 1960–1970-årene av aktualiserte spørsmål om innsamling av samiske navn. Spesielt i det nordsamiske området samlet kartografer navn for kartbruk. Navnene ble lest inn på bånd av samiskspråklige informanter, men dette materialet inneholder ikke noe annet enn uttalen av samiske navn for lokaliteter som kartografene på forhånd hadde valgt å navnsette også på samisk. Navnematerialet gjelder bare opptak av naturnavn; samiskspråklige grende- og bygdenavn er ikke med i dette materialet med den følge at få samiske bygdenavn kom med på datidas topografiske kart. Ut fra kartnavnmaterialet for topografisk kartserie (N50-serien) har datidas samiske navnekonsulenter, Knut Bergsland og Thor Frette, laget egne private arkiver for sitt navnekonsulentarbeid.

Thor Frette utarbeidet også en omfattende navnekortsamling av det nord-samiske kartnavnmaterialet. Dette materialet ble etter hvert overlevert Universitetet i Oslo og etter Thor Frettes bortgang gitt som gave til Nordisk samisk institutt. I dag er det arkivert ved Samisk høgskole. På midten av 1980-tallet finansierte Norges allmennvitenskapelige forskningsråd et trespråklig innsamlingsprosjekt i Nord-Troms, med særlig vekt på Storfjord, Kåfjord, Lyngen og Kvæningen. Dette materialet oppfyller metodologiske kriterier for innsamling og bearbeiding av navnematerialet og er dermed det beste dypinnsamlede samiske navnematerialet i Troms fylke.

Opprettelsen av den samiske navnekonsulenttjenesten i forbindelse med at lov om stadnamn ble satt i verk i 1991, aktualiserte igjen innsamling og

arkivering av det samiske navnematerialet. Innsamlingen av navnene ble en del av navnesekretærens arbeidsoppgaver, men det har vist seg umulig å løse alle oppgaver som er pålagt den samiske navnekonsulenttjenesten. På grunn av ressursituasjonen har både innsamlingen av samiske navn og utviklingen av et samisk navnearkiv dessverre blitt et nedprioritert arbeidsfelt.

I St.meld. nr. 35 (2007–2008), «Mål og mening», er verdien av språklig dokumentasjon presisert på følgende måte på s. 159: «Alle språk som skal haldast i hevd og utvikla seg som levande kulturspråk, må kunna støtta seg på ein solid dokumentasjon av den språklege tradisjonen og av korleis språket blir brukt i samtida. Ikkje minst er dette eit nødvendig grunnlag for språkforskning og språkopplæring, men også for arbeidet med standardisering og normering av språket. Det har også mykje å seia for å gje språket status at det er vel dokumentert på ulike vis.» Samisk og norsk er i dag likeverdige språk. Det er derfor de sentrale myndighetenes plikt i samråd med Sametinget å sørge for at også det samiske navnematerialet blir både innsamlet og arkivert på en faglig forsvarlig måte. Det haster med å opprette et samisk navnearkiv der slike faglige arbeidsoppgaver hører hjemme!

Kaisa Rautio Helander
Sámi allaskuvla / Samisk høgskole,
Guovdageaidnu / Kautokeino
kaisa-rautio.helander@samiskhs.no

STEDSNAVNSAMLINGER – KVENSKE STEDSNAVN

Innsamling av kvenske stedsnavn i Troms og Finnmark er hovedsakelig utført av finske studenter og forskere mellom ca. 1960 og 1990. Disse navnesamlingene finnes i Forskningscentralen för de inhemska språken i Helsingfors, der det til sammen er ca. 12 400 navnesedler. Innsamlingene er gjort i følgende kommuner: Sør-Varanger, Vardø, Vadsø, Tana, Nesseby, Alta, Kvænangen, Kåfjord, Nordreisa, Storfjord og Lyngen. Kopier av samlingene finnes på Universitetet i Tromsø og ved Kvensk stedsnavntjeneste – Paikannimipalvelus i Alta. I åra 1984–87 foregikk det innsamling av norske, samiske og kvenske stedsnavn i forbindelse med prosjektet *Stadnamn i trespråklege område i Nord-Troms*. Prosjektet var finansiert av Norges allmennvitenskapelige forskningsråd.

Det finnes en del private navnesamlinger, og en del navn i offentlige arkiv, f.eks. i kommuner. Mye av dette materialet er ennå ikke tilgjengelig for Kvensk stedsnavntjeneste, så noen detaljert oversikt over antall navn er ikke tilgjengelig. I de siste åra er det samla inn en del navn ved Kvensk stedsnavntjeneste. Vadsø museum – Ruija kvenmuseum fikk i

2009 midler til innsamling av kvenske stedsnavn. Kvensk stedsnavntjeneste har det faglige ansvaret for dette innsamlingsarbeidet.

Det er mye ugjort når det gjelder registrering og innsamling av kvenske stedsnavn. Samtidig er dette ei hastesak, fordi det er eldre folk som har navnekunnskaper. Mange steder vil det dessverre allerede være for seint å finne informanter med de nødvendige språkkunnskapene. Det er heller ikke enkelt å finne kompetente intervjuere/innsamlere her i landet.

Sentralt stedsnavnregister (SSR) er også en viktig kilde for kvenske stedsnavn. Per november 2009 var det totale treffet på «finske» navn 4357. Antall navn som er vedtatt etter lov om stadnamn, er atskillig mindre, rundt 1100.

En database for kvenske stedsnavn er under arbeid ved Kvensk stedsnavntjeneste. Hensikten med databasen er å gjøre den kvenske stedsnavnskatten tilgjengelig for allmennheten via internett. På Universitetet i Tromsø var det dataført (Word-filer) navnemateriale fra kommunene Alta, Kvænangen, Kåfjord, Lyngen, Storfjord og Sør-Varanger. Dette var et viktig startgrunnlag for databasen. Utvikling av databasen, som skal ha norske og samiske parallellnavn når slike data finnes, var i oppstarten finansiert av et kvensk IKT-prosjekt, støtta av Forskningsrådets Høykom-program. I den første fasen blei arbeidet lyst ut på anbud, og firmaet Arc|giraff blei valgt som leverandør for databaseutviklinga. Det var det nye Kvensk institutt i Børselv, Porsanger, som sto som hovedsøker. I 2008 bevilga Språkrådet ca. 50 000 kroner til Arc|giraff for å utvikle et brukergrensesnitt. Den data-tekniske løsinga består av håndteringssystemet Joomla, komplettert med systemet CakePHP, som er godt egna til databaseutvikling. Det er per i dag 6215 poster i databasen. Det gjenstår likevel mye arbeid før en kan starte publisering, f.eks. oversetting fra finsk til norsk, ulike typer kvalitetssikring og en endelig versjon av søkeskjema. Det er i dag ikke noen ekstra midler til dette arbeidet. Den ansatte ved Kvensk stedsnavntjeneste har bare ei halv stilling, noe som naturligvis bidrar til at arbeidet med databasen går svært langsomt.

Irene Andreassen,
Kvensk stedsnavntjeneste – Paikannimipalvelus
irene.andreassen@hifm.no

DATAREGISTRERING AV STADNAMN SETT FRÅ NORDLAND

Etter å ha arbeidd i tjue år med Stadnamnprosjekt Nordland og samla inn og dataregistrert over 200 000 stadnamn føler eg å ha fått litt erfaring på området. Her er nokre av mine røynsler.

Innlegging av namn i database er trøytande, men må gjerast. Det krev konsentrasjon og tar si tid. Dess knappare tildelte årsverk, dess viktigare er det at vedkommande slepp bruke tid på å mase på dei som har lova å «levere», men i røynda ikkje gjer det.

Det trengst derfor ein innpiskar på fylkesnivå, overfor kommunane, og det trengst ein pådrivar i kvar kommune. Det er avgjerande for eit godt resultat av innsamlinga at personen på fylkesplan tidleg får vite om vedkommande kultursjef/-konsulent/-sekretær kjem til å prioritere eller «prioritere bort» innsamlingsarbeidet i kommunen. Ja, i verste fall kan denne stillinga i kommunen stå tom, det vere seg av økonomiske årsaker eller pga. tilfeldig vakanse. Innpiskaren på fylkesnivå må i alle fall forlange kommunal hjelp til å finne fram til ein person i kommunen som har interesse, dug og driv til å ta seg av denne funksjonen. Om det er ein interessert privatperson eller leiar av historielag eller anna lag, er i røynda av underordna interesse.

Samarbeid med skolane er eit både og. Mange lærarar er interesserte og er gjerne med i eit opplegg der elevane blir dregne inn, men for ein lærar er det sjølv aktiviseringa som er det pedagogisk verdfulle, medan det konkrete resultat naturleg nok kan bli av høgst skiftande kvalitet. I mange tilfelle kjem ein i ein situasjon der ein blir nøydd til å gå beinveges til kjeldene elevane har brukt for å få gjort seg full nytte av det som har kome inn, så som foreldre, besteforeldre o.a. Bortsett frå det kan lærarskifte og tilmed nidkjære ryddeaksjonar på skolen i sommarferien gjere at stoff som skulle ha vore levert, aldri kjem dit det skal.

Særoppgåver i vidaregåande skole kan vere verdifulle, særleg når namna er kartfesta. Dess viktigare er det då at den som tar seg av saka på fylkesplan, tidleg peilar inn dei skolane der dei brukar å gje slike oppgåver, for det er unnataket at skolen arkiverer slike arbeid. Som regel får eleven det tilbake, og då kan det ta lang tid før ein får «innhenta» ein elev som har gått vidare i si utdanning og har flytta til ein heilt annan stad.

Eit par praktiske råd: Set opp lister med nyinnsamla namn – ikkje lister med namn som alt er korrekt skrivne og plasserte på kartet. Kartfesting av namna er viktig – poengter gjerne *ti gonger* at lister med namn som ikkje er kartfesta, er unyttige for andre enn dei lokale innsamlarane sjølv. Markering med gul markørpenn av namnummer på kartet (same nummer som på lista) er likare enn innringing med raudt, då sistnemnde framgangsmåte «ubønhørlig» endar med at kartlesaren misser oversynet. Andre kulørar enn gult skaper dessutan vanskar med kopiering i svart-kvitt.

Finn Myrvang
finn.myrvang@trollfjord.no

STADNAMNREGISTRERING I ROGALAND

Namnarkivet ved Universitetet i Stavanger

I 1980- og 1990-åra vart det gjennomført omfattande registrering av nedarva stadnamn frå munnlege kjelder i alle kommunane i Rogaland. Innsamlinga kom i gang etter at fleire frivillige lag og organisasjonar, bl.a. historielag og mållag, hadde vendt seg til Rogaland fylkeskommune for å få sams plan og opplegg for ei slik innsamling.

Bakgrunnen for å setja i gang dette tiltaket var bl.a. det tradisjonsbrotet som ein opplevde når det gjeld den munnlege overleveringa av stadnamn, og at stadnamna er verneverdige kulturminne som del av den sams immaterielle kulturarven. Eit anna argument var kjeldefunksjonen til stadnamna; namna lokaliserer og gjev viktig informasjon om fenomen og aktivitetar i tidlegare tider, og er dessutan viktige kjelder om språket vårt. I fleire kommunar var det stor interesse for å få kjennskap til namna og namnebruken i utbyggingsområde som grunnlag for ny namngjeving av vegar og bustadfelt.

Fylkeskulturstyret vedtok i 1981 å setja i gang organisert innsamling av stadnamn i fylket. Prosjektet vart lagt til Rogalandsforskning, som engasjerte underskrivne som prosjektleiar. Det var nært samarbeid med nordiskmiljøet ved Rogaland distriktshøgskole. Det vart søkt om økonomisk støtte frå statleg hald og ymse nasjonale aktørar, men ingen av dei fann grunn til å støtta dette prosjektet.

Det vart utarbeidd ein eigen metodikk for prosjektet, som gjekk ut på å organisera og gjennomføra innsamlinga som ein stor dugnad blant kultur- og historieinteresserte personar i dei einskilde kommunane. Ei lærebok vart skriven, *Namn som fortel om oss* (Rogalandsforskning 1982, Universitetsforlaget 1984), og det vart utarbeidd eit skjema som stadnamna og tilleggsopplysningar kunne førast inn på. Innsamlarane fekk òg utlevert kart (Økonomisk kartverk i målestav 1:5000) som namna skulle førast inn på, og kassetar til opptak av målføreuttalen av namna hjå informantane. Innsamlarane fekk opplæring i framgangsmåten av prosjektleiaren, som deltok på ei rekkje møte kringom i kommunane. Innsamlinga kom i gang for fullt i 1982.

I 1984 arrangerte Rogaland distriktshøgskole og Stadnamnprosjektet eit seminar om stadnamninnsamling på Utstein kloster der fylkeskultursjefane på Vestlandet (òg i Vest-Agder) var spesielt inviterte. Målet med seminaret var å presentera prosjektet i Rogaland og gje tilskuv til å få sett i gang liknande prosjekt i andre fylke. Seminaret gav resultat.

Det vart registrert stadnamn i alle 26 kommunane i Rogaland. (Sirdal kommune i Vest-Agder gjennomførte eit prosjekt etter same leisten og med same leiaren som i Rogaland.) Det har kome inn tilfang frå om lag 83 prosent av matrikkelgardane i fylket. Også heieområda (fjellet) og sjøen er

med. Best dekning (tilnærma 100 prosent) finn ein i kommunar som ligg nær Stavanger, og dårlegast (ned mot 65 prosent) i kommunar som ligg lenger borte (Suldal, Sokndal). Til saman har det kome inn ca. 150 000 stadnamn frå fylket, noko som må reknast som eit høgt tal om ein jamfører med andre fylke på Vestlandet og tek omsyn til arealstorleiken. Kvaliteten på det innsamla tilfanget må seiast å variera, frå det heilt gode til det fullt brukbare og det ikkje fullt så gode.

Det registrerte tilfanget vert arkivert i eigne skåp i stadnamnarkivet ved Institutt for kultur- og språkvitskap, Universitetet i Stavanger. Det er ordna kommunevis etter matrikkelgard – éin konvolutt med namnelister, kart og kassett for kvar matrikkelgard. Det meste av tilfanget er gjennomgått av fagfolk, som har fonemisert og normert namna. Fleire har teke del i dette arbeidet. Ein mindre del av materialet er dataregistrert etter malen som er brukt i Sogn og Fjordane. Noko av det innsamla tilfanget er kopiert for kommunar og andre. For tida er det i gang eit samarbeid med Rogaland historie- og ættesogelag, som har vore ein av initiativtakarane og ei av drivkreftene bak prosjektet, for å få digitalisert registrert materiale.

Noko av materialet som er samla, er presentert i bøker og andre publikasjonar som er gjevne ut i tilknytning til prosjektet, bl.a. frå Utsira (1990), Kvitsøy (1989), Klepp (1980) og Hå (1984) (og Sirdal, 1992), jf. òg bøkene *Stadnamn i Rogaland* (2007, stadnamnleksikon), *Frå Feisteinen til Napen. Stadnamn i Rogaland* (Årbok for Stavanger Turistforening, 2002), *Namn og stader i Rogaland* (1986) og *Stadnamn fortel historie* (1985). I tillegg kjem ei rekkje årbok- og tidsskriftartiklar, medieinnslag, bl.a. seriar om stadnamn i NRK Rogaland, og føredrag kringom i fylket.

Arkivmaterialet blir nytta av forskarar, særleg innom historie og språk, lokalhistorikarar, studentar på bachelor- og masternivå, skuleelevar (særleg vidaregåande skule) og privatpersonar (bl.a. gardbrukarar) som ønskjer opplysningar om namn og namnebruk. Også mange kommunar nyttar tilfang frå innsamlinga ved ny namngjeving i utbyggingsområde. I arkivet finn ein òg studentoppgåver om stadnamn og materiale frå tidlegare innsamlingar, bl.a. ei innsamling blant skuleborn som Rogaland historielag gjennomførte i 1931, før den såkalla Indrebø-innsamlinga.

Inge Særheim
inge.særheim@uis.no

STADNAMNARBEIDET I SOGN OG FJORDANE

Status og utfordringar

I åra 1985 og 1986 vart det gjennomført ei omfattande innsamling av lokale stadnamn i Sogn og Fjordane. Det vart samla inn stadnamn frå alle kommunar, både på lister, kart og delvis lydband.

Status – innsamling

Totalt sett vart det samla inn om lag 250 000 stadnamn. Sidan den gong har det vore eit stendig pågåande arbeid med etterrakst og med å få fullført innsamlinga i nokre kommunar som Eid, Gaular, Gloppen og Gulen.

Det har over tid vore lagt ned store ressursar på tilrettelegging og formidling av dei lokale stadnamna i Sogn og Fjordane. På 1990-talet vart stadnamnsamlinga søkbar og tilgjengeleg på internett, seinare òg via ulike kartgrensesnitt, som www.fylkesatlas.no.

Illustrasjonane nedanfor syner stadnamna på fylkesatlas.no og søk/treffliste med kopling til interaktivt kart.

The screenshot shows the 'Fylkesatlas Sogn og Fjordane' website. The main map displays the region with numerous place names marked. On the right side, there is a search results panel with the following information:

Stadnamn	
Dato:	01.06.2004
Opphavrett:	Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
Publisert av:	Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
Format:	PostGIS database
Alle kommunane samla inn stadnamn i 1985/86. Dei fleste kommunane formidlar no namna sine på her på fylkesatlas og i stadnamndatabasen www.fylkesarkiv.no .	
Databasen inneheld i dag (09.03.2009) 180 144 stadnamn. Ilestesparten av desse namna er kartfesta på elektroniske kart.	
Atten kommunar har stadnamna sine på Internett. Desse kommunane er:	
Askvoll	
Aurland	
Balestrand	
Bremanger	
Fjaler	
Flora	
Homndal	
Hayanger	
Jølster	
Lekanger (Alle innsamla namn leggest på nettet før 31.12.2009.)	
Lærdal	
Naustdal	
Sæje	
Sogndal	
Solund	
Vik	
Vågsøy	
Årdal	
For desse kommunane har vi lagt ut smakebitar av stadnamnmaterialet:	

Fylkesarkivet

FRAMSIDA | Fylkeskommunen | Kulturmett Sogn og Fjordane | Skulestevna.no | Geografis | Kontakt oss | English

ARM-sømek

Databasetenester

Kulturhistorisk leksikon

Gardsleksikon

Lyd og levande bilete

Kjelda

Om Fylkesarkivet

Lesesal - Bibliotek

Om oss i dagspressa

Kommunale arkiv

Fylkeskommunale arkiv

Privatarxiv

Foto

Musikk

Stadnamn

Emigration (English)

Persondata - Utvandring

Europeana Local

Mangfaldsåret 2008

Året 1905

Kultur på nett

Soga om vegane

Nettutstillingar

Kunnskapsleikar

ARM SAMSK

Stadnamn

Side 1 av 227
Fann 5666, viser 1 - 25

Neste >

Normert form	Uttale	Kommune	Gnr./bnr	Kart nr.	Uttale	Bilete	Kart
Agatehjellen	"a:gaotejæd"l	Leikanger	22.4	AV07553-58			
Agåtakjelda	"a:gao:taKeldao	Leikanger	10.7	AU07451-412			
Akasietrei	a'ka:sietri:i	Leikanger	16.1	AU07452-257			
Akseinaustet	"akselneuste	Leikanger	81.1	AS07554-34			
Aksladalen	"akslada:l"n	Leikanger	2.2	AT07452-151			
Akslaglenna	"akslaglænao	Leikanger					
Albakkane	"albakad"n	Leikanger					
Albertgarden	"albertga:r"n	Leikanger					
Albrui	"albru:i	Leikanger					
Algjelet	"a:ljl:le	Leikanger					
Albakkahola	"albakahå:lao	Leikanger					
Allmenningane	"al:meningad"n	Leikanger					
Allmenningen	"almenningen	Leikanger					
Allmenningen	al'mæningen	Leikanger					
Allmenningen	al'næmingen	Leikanger					
Allmenningen	al'mæningen	Leikanger					
Allmenningsgeili	"almæningsgeili	Leikanger					
Almane	"almad"n	Leikanger					
Almegjelholten	"almejilhålt"n	Leikanger					
Almeholta	"almehá:lao	Leikanger					
Almeholta	"almehá:lao	Leikanger					

Arbeid framover – utfordringar

No for tida arbeider Fylkesarkivet med å få etablert digitaliseringsprosjekt for nokre kommunar der vi ikkje har kome langt nok. Det gjeld Luster med 12 000 innsamla namn og Stryn med 18 000. Svært lite er digitalisert, men det er eit stort og spanande materiale. Vi tenkjer å utføre arbeidet som eit spleiselag mellom kommunen, lokale historielag/grendelag og Fylkesarkivet. Her vil digitaliseringsløysinga for stadnamn som ligg på www.fylkesatlas.no, vere eit viktig verktøy.

I åra som kjem, vil vi arbeide vidare med å fullføre innsamlingsarbeidet og gjere fleire stadnamn tilgjengelege med web-løysingane til Fylkesarkivet. Vi vil òg sjå på korleis vi skal digitalisere og gjere lydbandopptaka frå stadnamninnsamlingane tilgjengelege for bruk på internett. Vi vonar òg å få utvikle nye formidlingsprosjekt saman med skuleverket og utdanningsinstitusjonar lokalt og regionalt.

Snorre D. Øverbø
Fylkesarkivar
snorre.d.overbo@sfj.no

STADNAMNSAMLINGA I MJØSDALEN

I dette innlegget skal eg gjera kort greie for status for denne samlinga frå mi heimbygd, som «ligger efter et Dalstrøg som indbefatter tvende færske Vande hvor paa begge Sider ere steile og bratte Bjerg som til deels er til liden og til deels ingen Nytte verken for Mennesker eller Kreatur» (Sorenskrivaren i Nordhordland 1829).

Innleiing

Stadnamna var ein del av barndomen: Når vi vart så store at vi fekk gå «laust», måtte vi seia kvar vi skulle, og fortelja kvar vi hadde vore. Interessa for stadnamn starta nok på turar med far og mor og hjå klokkar Ivar Vikesund i Mjøsdalen skule og vart vidareutvikla i norskfaget under rektor Ludvig Holmås på realskule og gymnas i Øystese. Det at «skulebarninnsamlinga» i 1930-åra (ved Gustav Indrebø) hadde kome bort i Hosanger herad, vart ei utfordring til å samla og ta vare på stadnamna.

Om innsamlinga

Innsamlinga er gjord under hyggjelege samtalar over eit stort tal kaffikoppar – med kart, lydband og notisblokk attåt. I boka er nemnt 28 informantar som budde/bur i skulekrinsen. Den eldste vart fødd 1881. Arbeidsområdet vart avgrensa til Mjøsdalen skulekrins. Det vart ført lister, med rutetilvising til seks kartblad (Økonomisk kartverk). Namna fekk løpenummer innanfor seks gardsområde: Hoshovde, Holme og Mjøs, Øvsthus, Hole, Tveiten og Åsheim. I tillegg til «djupinnsamling» vart det henta namn i gamle (1800-tals-)dokument frå utskiftingsmøte (Sorenskrivaren i Nordhordland, fleire år). Døme på ei slik kjelde har vi i sitat frå Øvsthus: «– hvor da Grændsen mellem søre og nore Øfsthus og Galteland bestemmedes som følger: Første Punkt Vagnæset kaldet, – der blev hugget et Kryds i Bjerget ved Søen, og gaar efter Compasstrøg i Sydøst til Nordklætten, hvor et Kryds blev hugget, er i Længde 500 Alen. 2) Fra Nordklætten til Galtaasnoven i lige Linje hvor et Kryds blev hugget og udgjør i Længde 435 Alen» (Sorenskrivaren i Nordhordland 1829).

Om arkivering og digitalisering

Digitalt kartgrunnlag vart stilt til rådvelde med støtte og løyve frå Osterøy kommune og Statens kartverk ved fylkeskartsjef Sigurd Langeland. Med ARCVIEW vart listene med om lag åtte hundre namn overførte frå rekneark (Excel) til digitalt kart. Berit Nortug og Robert Svendsen hjelpa med digitaliseringa og utforminga av kartet. Boka *Stadnamn i Mjøsdalen* (64 s.) vart utgjeven av Hosanger sogelag og Osterøy sogelag i samarbeid med redaktøren Geir Kleiveland (Vevle 2001). Det vart trykt eit større opplag av

kartet, som har vorte spreidd i sal og som gåve frå Nistås forlag, Odd Vevele, 3800 BØ.

Om boka

I dei innleiande kapitla (s. 5–24) er gjort greie for innsamling og bearbeiding av listene. Den varierende skrivemåten av gardsnamna ned gjennom tida er vist. Tolking og gruppering av namna vert diskutert. Det vart lagt vekt på ulike måtar å sortera namnetilfanget på. For å letta formidling av tolking og forteljing som knyter seg til stadnamna, vart tabellen (ca. 800 namn) koda etter «*interessante namneledd*». Den første kodinga/sorteringa (tabell 1) tek utgangspunkt i naturfag (plantar, dyr, geologi), språk (etymologi, grammatikk) og lokalhistorie (personar, jordbrukshistorie). Ut frå ei slik tilnærming vart kodane i tabell 1 utvikla. I boka/databasen er det grunnorda som styrer kodinga i grupper og hovudgrupper, tabell 2. Desse hovudgruppene er brukte: «Grunnord laga av adjektiv/adverb/preposisjon/verb», «Samanlikningsgrunnord», «Areal til dyrking og hausting», «Plantar, dyr, stein og jord», «Buplass», «Vassdrag og havstrand», «Menneskeskapte anlegg», «Topografiske element» og «Andre grupper» (grunnord som viser til tru og overtru, syn og utsyn, og ikkje-klassifiserte/ikkje-tolka). Den største bolken i boka er lista med namn, ordna etter gardsnummer/løpenummer, kode for grunnord-type og merknad (s. 25–64). Merknader omfattar geografisk plassering i høve til andre namn, tolking av namna og historier som er knytte til namna. Oppslagsverk for tolkingane har vore ordbøkene til Aasen (1873), Ross (1895) og Torp (1919), dessutan Rundhovde 1964, Stemshaug 1973 og Sandnes og Stemshaug 1990.

Om formidling

Samlinga har vore formidla i føredrag på møte i Indre Osterfjord pensjonistlag og i Hosanger sogelag. Boka med kartvedlegg kom i 2001. Stadnamna i Mjøsdalen har vore tema for kronikk i Bergens Tidende (Vevle 2002) og artikkel i bladet til Norsk kulturarv, *Kulturarven*, i samband med kulturminneåret 2009: «Sei kvar du skal og fortel kvar du har vore. Stadnamn er språk, nøklar og kulturarv» (Vevle 2009). I 2007 og 2008 var Kulturhistorisk stadnamnvandring på programmet til Mjøsdalsdagane (del av Kystkulturvekene på Vestlandet).

For at formidlinga skal bli strukturert i bolkar og gi nøklar til forståing av/innsyn i fleire tema, må formidlaren/lesaren kunna sortera namnetilfanget. Det trengst kodar eller nøkkelord som vist i tabell 1. Ei sortering strengt etter grunnorda kan gjera slikt innsyn vanskeleg eller umogleg.

Tabell 1. Kodar og kategoriar av stadnamn etter «interessante» namneledd. (Vevle 2001, s. 9).

Kode	Namnekategori
ad	40 Stadnamn laga av adjektiv eller adverb . Sjå også fa , fo , sl .
an	7 Stn som nemner kroppsdelar (anatomi) på menneske og dyr
co	48 Stn som viser kompasretning , eller yst/inst, øvre/nedre
dy	41 Stn med dyrenamn
fa	13 Stn med fargenamn
fo	25 Stn som beskriv form
fu	29 Stn som viser til funksjon i dyrking og hausting
ga	40 Stn med gardsnamn
ha	8 Stn som beskriv strandlina ved havstrand : nes, våg og liknande
jo	9 Stn som beskriv jordtype eller jordsmonn.
mg	8 Stn som nemner gjerde , led o.a. grensemerke
mh	64 Stn som nemner hellerar, tufter eller særskilde hus
mt	49 Stn som nemner/beskriv ferdsleveg, stig, veg, bruer og kaiar
mu	13 Stn som inneheld/beskriv menneskeskapte ting, utstyr , klede
ov	9 Stn som viser til tru og overtru , død og gravplass
pe	51 Stn med personnamn
pl	70 Stn med plantenamn
re	8 Stn som nemner ein spesiell ressurs .
sl	38 Stn som viser til storleik , breidd og høgd
st	17 Stn som nemner stein , berg og ur
sy	10 Stn som viser til syn og utsyn
ta	3 Stn som nemner tal
to	118 Stn som beskriv topografiske element
va	21 Stn som beskriv vassdrag
ve	28 Stn med ledd av gjerningsord (verb),
x	72 Stn som ikkje er klassifiserte, eller ikkje tolka

Tabell 2. Kodar, hovudgrupper og undergrupper av stadnamn, sorterte etter grunnord, med nokre døme og førebels tal på stadnamn i gruppene.

Særskilde ordklassar (23)

- ad** Grunnord laga av **adjektiv** eller **adverb**: *Hæddna, Håjen*. Sjå òg **fa**, **fo**, **sl** (4)
- prp** Grunnord med **preposisjon**: *På Kjedlarn, Onna Tuptaråkern* (4)
- ve** Grunnord som er laga av gjerningsord (**verb**) *Lækjå* (15)

Samanlikningsgrunnord (36)

- sgan** Grunnord som samanliknar/nemner kroppsdelar (**anatomi**, menneske og dyr) (9)

sgfo Grunnord som beskriv/nemner **form**: *Krokjen, Strengjen, Ålæ, Nøvæ* (15)

sgmu Grunnord som samanliknar/nemner/beskriv menneskeskapte ting, **utstyr**, klede (12)

Areal til dyrking og hausting (117)

fu Grunnord som viser til **funksjon** i dyrking og hausting, fleire funksjonar

fua areal som har opparbeidd jord og endar på: *-aker, -åker, -ekra*, osb. (35)

fuj areal som har opparbeidd jord, og endar på: *-jere* (9)

fub areal som kan vera overflatedyrka (**beite**, slåtteng) Ending: hage, stykkje, teig (35)

fut areal som kan vera overflatedyrka. Ending: *-tre, -træ* (19)

fus areal som er mjølkeplass, seter, støl. Ending *-støl, -seter* osb. (19)

Planter, dyr og stein og jord (62)

dy Grunnord med **dyrenamn** (1)

pla Grunnord som er **planteartar** eller individ (3)

plm Grunnord som nemner eller beskriv *-myr* (32)

pls Grunnord som nemner eller beskriv vegetasjonsstruktur: *-kjerr, -bøle* (10)

st Grunnord er eller nemner **stein**, berg og ur (16)

Buplass (uavhengig av om dei skildrar terrengform) (20)

ga Grunnord som er namn på gard, bruk o.a. buplass (20)

Vassdrag og havstrand (61)

ha Grunnord som er del av eller beskriv strandlina ved fjorden: *-neset, -vikjæ, -våjen* (25)

va Grunnord som er eller beskriv vassdrag: *-bekkjen, -elvæ, -grovæ, -hølen, -dikje* (36)

Menneskeskapte anlegg (131)

mg Grunnord som nemner gjerde, led o.a. grensemerke (22)

mh Grunnord som nemner hus, bygning, hellerar, tufter, dansetribune (34)

mhn Grunnord som nemner naust (17)

mt Grunnord som er eller beskriv ferdaveg, sti eller veg, medrekna bruer (47)

mtk Grunnord som er eller beskriv kai, båtstø, også naturleg kaiplass (7)

m Grunnord som er/beskriv andre menneskeskapte ting (3)

Topografiske element (utanom fu-gruppa) (378)

- to** Topografiske element som er både konvekse og konkave, eller ikkje klassifisert (114)
- tkab** Grunnord som nemner konkave terrenglement, med ending *-botn*, *-bøtn* (12)
- tkad** Grunnord som nemner konkave terrenglement med ending *-dal* (34)
- tkah** Grunnord som nemner konkave terrenglement med ending *-hjedl* (11)
- tkas** Grunnord som nemner konkave terrenglement med ending *-stadl*, *-stadlane* (6)
- tkat** Grunnord som nemner konkave terrenglement med ending *-to*, *-tødna* (8)
- tka** Grunnord som nemner konkave terrenglement, andre endingar (53)
- tveb** Grunnord som nemner konvekse terrenglement med ending *-berg*, *-berje* (16)
- tveh** Grunnord som nemner konvekse terrenglement med ending *-haug*, *-høyen* (63)
- tvek** Grunnord som nemner konvekse terrenglement med ending *-klett* (5)
- tver** Grunnord som nemner konvekse terrenglement med ending *-rind*, *-rin'* (6)
- tveå** Grunnord som nemner konvekse terrenglement med ending *-ås* (4)
- tve** Grunnord som beskriv/nemner konvekse terrenglement med andre endingar (46)

Andre grupper (35)

- ov** Grunnord med ledd som viser til tru og overtru (1)
- sy** Grunnord som nemner/beskriv syn og utsyn (9)
- pe** Grunnord med personnamn (1)
- x** Grunnord som ikkje er klassifiserte, eller ikkje tolka (24)

Litteratur

- Ross, Hans. 1895. *Norsk Ordbog. Tillæg til 'Norsk Ordbog' af Ivar Aasen*. Christiania.
- Rundhovde, Gunnvor. 1964. *Målet i Hamre. Ljodvokster og stutt utsyn over formverk i eit Nordhordlandsmål*. Bergen.
- Sandnes, Jørn og Ola Stemshaug. 1990. *Norsk stadnamnleksikon*. Oslo.
- Sorenskrivaren i Nordhordland 1827, 1829, 1890, 1909 = Utskrift frå Pantebok for Sorenskriveren i Nordhordland. Statsarkivet i Bergen.
- Stemshaug, Ola. 1973. *Namn i Noreg*. Oslo.
- Torp, Alf. 1919. *Nynorsk etymologisk ordbok*. Kristiania.
- Vevle, Odd. 2001. *Stadnamn i Mjøsdalen*. Utg. av Hosanger sogelag og Osterøy sogelag. 1 kart.
- Vevle, Odd 2002. Kulturarven i stadnamna. [Kronikk i] *Bergens Tidende*, juni.

Veve, Odd. 2009. Sei kvar du skal og fortel kvar du har vore. Stadnamn er språk, nøklar og kulturarv. *Kulturarven* 48, s. 45–47.

Veve, Odd. [i trykk]. Botanisk nomenklatur og folketradisjonelle plantenumningar. Ei påminning om etnobotanikk som møtepunkt for natur- og kulturdanning. [Kjem i] *Namn og Nemne*.

Aasen, Ivar. 1873. *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. Christiania.

Odd Vevle
odd.vevle@hit.no

DIGITALE STEDSNAVNBASER I BERGEN

Den største delen av innsamlede stedsnavn i Hordaland fylke som er arkivert ved Stadnamnsamlinga, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier (LLE), Universitetet i Bergen, er nå dataført. I alt er 292 014 stedsnavn fra til sammen 31 kommuner ført inn, og hvert navn er registrert med opplysninger om uttale (stort sett gjengitt med grov fonematisk skrift), hjemmelsperson, løpenummer som ident (koordinater), opplysninger om navnets denotatum, evt. andre opplysninger av kulturhistorisk art og i en normalisert form. Våre gamle navnekart, i all vesentlighet ØK-kart, er skannet i et samarbeidsopplegg med navnegranskerne i Oslo. Antallet skannede kart fra Hordaland er 1419, og av disse er rundt 2/3 georeferert og digitalisert. Antall innskrevne navn pr. år varierer noe, alt etter om det har lyktes å skaffe økonomisk bidrag. I 2009 ble det skrevet inn 12 248 navn, mens det i 2008 ble skrevet inn 8300. Hittil er det lest inn 66 284 navn, altså vel en femtedel av hele materialet. Internettadressen til siden med rent tekstlige søk i hele Hordaland er <http://gandalf.aksis.uib.no/stadnamn>.

I de siste årene er det blitt utviklet to prototyper for navnesøk på internett med presentasjon av navn og lyd på digitale kart (vektorkart). Det første ble utviklet i samarbeid med Austevoll kommune, Austevoll kraftlag og kartfirmaet Norkart og omfattet våre tre innsamlinger i Austevoll kommune, i alt 10 000 navn. I denne prototypen kunne man søke på stedsnavn, som var innskrevet i vår database, men opplysninger om navnelokaliteten var ikke med. Videre ble stedfestingen av navnet vist på kartet, og til hvert navn var det integrert en lydfil, slik at navnet ble gjengitt i genuin uttale. Av ulike grunner er denne prototypen ikke utviklet videre, og den er i dag ikke tilgjengelig på hjemmesiden til Austevoll kommune.

I samarbeid med Aksis er det imidlertid utviklet et en ny prototype for navnesøk på internett med presentasjon på digitale kart (vektorkart) og med lydfillenker. Navnematerialet er hentet fra Asbjørn Øyes innsamling i Os kommune, supplert med innsamlet materiale fra gårdene Lio og Rød, i alt

vel 8000 navn. I dette opplegget har vi flere søkevarianter, nemlig søk på et element, eksempelvis *-bø-*, søk på navn som begynner på f.eks. *bjørk-*, søk på navn som slutter på f.eks. *-hagen*, eller søk på en bestemt navneform, f.eks. *Gåssandvatnet*. Alle navn som inneholder f.eks. *-hagen*, blir så vist på kartet og samtidig også listet opp alfabetisk i et eget vindu. I denne opplistingen kan vi også få fram de øvrige opplysningene om navnet som foreligger. Dessuten er det koblet til lydfillenker, slik at navnet i genuin uttaleform kommer fram om man klikker på navnet på kartet eller på den alfabetiske listen. Det gjenstår ennå en del arbeid med kartgrunnlaget. I den foreliggende prototypen er det Google-map som er grunnlaget, men det er ikke helt tilfredsstillende for vårt formål. Denne prototypen er tilgjengelig på nettet og har adressen <http://gandalf.aksis.uib.no/cgi-bin/stadnamn/prototyp-2/stadnamn-kart-lyd.py>.

En kortfattet og populær omtale av prosjektets idé finnes i Ole-Jørgen Johannessen: «Stedsnavnene tilbake til folket. På veg mot det snakkende navnekartet utlagt på internett». Artikkelen er trykt i *Underevs. Festskrift til Egil Nysæter*, redigert av Anne Aune og Gudmund Valderhaug, utgitt i ABM-MEDIA AS (Oslo 2009).

Lokale krefter i Ulvik, med Torbjørn Øydvin i spissen, har samlet inn om lag 10 000 stedsnavn, skrevet dem inn i en database, kartfestet dem og gjort navnematerialet og navnekartene tilgjengelige på nettet. Internett-adressen er www.servicetorget.no/fylker/hordaland/ulvik-kommune.htm.

Bergen kommune har også lagt ut stedsnavnmateriale på kommunens internettside. Det gjelder i all hovedsak det bergensmaterialet som Stadnamnsamlinga hadde registrert rundt midten av 1980-tallet. Der er navnene kartfestet og lydfestet. Nettadressen er www.bergenskart.no.

For tiden er Stadnamnsamlinga engasjert i to samarbeidsprosjekter, ett med Regionrådet for Nordhordland og ett med regionrådet for Bergen og omland. Stadnamnsamlingas rolle er å klargjøre navnematerialet for kommunene, lede innsamling av navn der dekkingen er noe svak, samt å stå for innlesning av navn. Nøkkelpersonen på den navnefaglige siden er Kjell Erik Steinbru. Hensikten er å gjøre stedsnavnmaterialet tilgjengelig for de kommunale myndighetene, slik at det kan brukes effektivt i den kommunale planleggingen og virksomheten. I tillegg kommer så at navnene blir tilgjengelige for publikum.

Det omtalte tilleggsmaterialet fra Os er publisert i to skrifter: *Stadnamn i Os samla av Asbjørn Øye. Rød Gnr. 79–80 Os, Hordaland*, utarbeidd av Vidar Haslum, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen 2006, og *Stadnamn i Os samla av Asbjørn Øye. Lio Gnr. 81 Os, Hordaland*, utarbeidd av Vidar Haslum, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen 2006.

Ole-Jørgen Johannessen
ole-jorgen.johannessen@lle.uib.no

STEDSNAVNINGSSAMLINGSPROSJEKTET I GRUE I 1994

Stedsnavningssamlingsprosjektet ble initiert av daværende kultursjef i Grue kommune Roar Sveum. Undertegnede, den gang bestyrer ved Gruetunet Museum, var faglig leder for prosjektet, mens Vidar Tuer hadde det tekniske ansvaret. Dette var en tid med bra tilgang på personer og økonomiske tilskudd til sysselsetting av arbeidsledige i perioder på ti måneder, og prosjektet ble i hovedsak finansiert med sysselsettingsmidler.

Det var engasjert ca. ti personer i prosjektet. Av disse arbeidet to med bearbeiding av innsamlet materiale, mens de øvrige arbeidet ute i felten med innsamling. Feltinnsamlingen foregikk ved intervjuer av personer, men det ble ikke lagt opp til bruk av lydbånd. Det ble brukt Institutt for navnegranskings feltskjemaer og mal for Access-databasen. Navnematerialet ble lagt inn i databasen av de to som arbeidet med bearbeiding, og navnene ble i tillegg skrevet inn på økonomiske kartblad med teknisk skriftgenerator. I tillegg til innsamlingen i felten ble bygdebøker, lokalhistoriske bøker og gamle kart gjennomgått, og «nye» navn herfra ble også innlemmet i databasen.

I databasen ble det lagt inn vel 12 200 navneoppføringer. Med utgangspunkt i navnenes uttale inneholder materialet en del dialektale uttalevarianter som skiller seg fra de offisielle navnene på kart, samt en del dubletter av navn som forekommer på f.eks. større terrengområder og kartoverlappinger. Det er ikke gjort noen opptelling av hvor stor andel av navnene som var til da «nye» eller «ukjente» navn, men dette antallet er betydelig i mengde.

Finnskog-delen av kommunen ble bevisst prioritert i innsamlingen, for å få dokumentert flest mulig av de finske stedsnavnene, ettersom denne delen av kommunen har hatt den mest dramatiske avfolkningen de siste par generasjoner. Jeg har konstatert at innsamlingen fant et betydelig antall finske navn som ikke har kommet med i Tuula Eskelands doktoravhandling fra 1994, mens Tuula til gjengjeld dekket en mye større del av Finnskogen med sin innsamling. Det ble også samlet inn navn i de fleste andre deler av kommunen. Noen deler av kommunens geografi fikk svakere dekning, mest som resultat av varierende tilgang på gode informanter og deres geografiske kjennsomsråder.

Materialet fra prosjektet oppbevares i dag ved Norsk Skogfinsk Museum. I tillegg til database og rundt to hundre kartblad er selvfølgelig også alt feltmaterialet arkivert. Det innsamlede materialet ble bl.a. brukt i samarbeidet med Finnskogen Turistforening og Ugland IT om utgivelsen av kartserien Turkart Finnskogen (tre kartblad utgitt 2006, 2007 og 2008), der vi fikk lagt inn 550 ekstra finske stedsnavn som ikke står på M-711-kartene.

Birger Nesholen
Faglig leder ved Norsk Skogfinsk Museum
birger@skogfinskmuseum.no

KOMMENTAR FRA EN PROSJEKTMEDARBEIDER

Å være prosjektmedarbeider i Hedmarksprosjektet har vært meget spennende, og responsen har ofte vært overraskende god. Da jeg presenterte meg på telefon og sa at det gjaldt registrering av stedsnavn og stedsnavnsamlinger i Hedmark, lød svaret: «Jo, dette var på tide. Barna har kommet hjem fra skolen og sagt: ‘Vi må skrive opp navna på gården’.» Jeg har hatt kontakt per telefon med kulturavdelingene i kommunene, med historielag, med bonde- og bondekvinnelag og med andre ressurspersoner. Nå letes det nærmest høyt og lavt i mange lokallag etter mulige navnefunn.

Nylig fikk jeg beskjed fra Hof Historielag i Åsnes om at de etter en ekstra leterunde hadde funnet en rull med syv-åtte kart påført navn i en krok ved siden av et brannskap! Nå skulle vi få kopier, og kartene skulle inn i brannskapet. Åsnes-Finnskog historielag har gjort flere navnefunn og har også laget videoer med eldre ressurspersoner ute i felten. Nå har de bedt fylket om ØK-kart.

Jeg har fått svært god kontakt med Sør-Odal slekts- og historielag etter flere besøk der. De forvalter to arkivbokser og en protokoll med navn, som nå er kopiert for Hedmarksprosjektet. Dette laget har god bakgrunn fra et omfattende seterprosjekt og har meget lokalkyndige og kartkyndige medlemmer. Disse viste stor interesse for en mulig fase to av Hedmarksprosjektet og bad om et orienteringsmøte og et kurs for innsamlere. Sytti personer møtte frem på Skarnes videregående skole 28. oktober, og førti skrev seg på liste for å samle inn og skrive ned stedsnavn fra Sør-Odal. ØK-kart er for lengst levert av Statens kartverk, Hamar. I Nord-Odal har Kulturminnelaget og Slekthistorielaget, samt Odalstunet, vist stor interesse for samarbeid og eventuelt kurs. «Jeg tror de fleste navnene er inni hodene på folk», sa et medlem av kulturminnelaget. Jeg har også hatt meget god kontakt med kulturledelsen i Våler kommune. Hovedkontakten vår der, Per Arnesen, har originalmaterialet med stedsnavnlistene og tilhørende navnekart (120 mapper med kart og 120 mapper med navneark med tyve-førti navn på hvert ark). Dette ble samlet inn i begynnelsen av 1990-årene hovedsakelig gjennom sysselsettingstiltak.

Vi er inne i en prosess. Det kommer fortsatt tilbakemeldinger, og lagene trenger oppfølging.

Beate Kraggerud
beate.kraggerud@gmail.com

RAPPORT OM STEDSNAVNDATABASEN

Dette prosjektet har hatt som mål å legge frem en rapport over hva som finnes av navnemateriale ved Seksjon for namnegransking, og vurdere hvor mye av dette som bør føres inn i stedsnavndatabasen, og hva som bør gjøres med det materialet som allerede finnes i basen. En prosjektmedarbeider med navnefaglig bakgrunn og erfaring i innskriving av navnedata har gått gjennom de forskjellige materialsamlingene, både for å lage en oversikt over hva de består av, og for å foreta tidsstudier med tanke på hvor lang tid det vil ta å legge inn materialsamlingene i databasen.

Stedsnavndatabasen inneholder ved utgangen av 2009 rundt 200 000 navn fra Stadnamnsamlinga ved Universitetet i Bergen (UiB), 372 311 navn og skannede kort fra Heradsregisteret ved Universitetet i Oslo (UiO), og 50 000 navn og skannede kort fra Seternamnregisteret ved UiO. Dette materialet, som allerede ligger inne, er langt fra fullstendig eller feilfritt.

Bergensmaterialet er til en viss grad blitt rettet opp, men det er fortsatt mye som kan gjøres, både av ortografiske detaljer (bindestreker osv.) og mer alvorlige feil (opplysninger som har havnet i feil felt, merknader som delvis har falt ut o.a.). Dette er ting som må rettes opp manuelt. Hvor lang tid dette vil ta, avhenger av hvilke krav som settes til basen, og i hvor stor grad man ønsker å rette opp alle feil og mangler.

I materialet fra Heradsregisteret er det kun ført inn oppslagsform, fylke og herred, så her er det mange opplysninger på sedlene som må føres inn i databasen. Tidsstudien av dette materialet viser at man kan regne med å få lagt inn i gjennomsnitt 17 sedler i timen, det vil si at med en foreløpig beregning krever dette materialet rundt 22 000 arbeidstimer eller nærmere 13 årsverk. Dette tallet kan bli lavere dersom man lar være å føre inn alle opplysningene som står på sedlene, og bare tar med de opplysningene som må være søkbare.

I materialet fra Seternamnregisteret er det også bare ført inn oppslagsform, fylke og herred, men sedlene her inneholder færre opplysninger, og det går raskere å føre inn dem enn de tilsvarende fra Heradsregisteret. Gjennomsnittet er på 25 sedler i timen, materialet krever altså anslagsvis 2000 arbeidstimer.

Bustadnamnarkivet ved UiO inneholder ca. 100 000 sedler som alle er skannet og ført inn med tilhørende opplysninger. Dette er klart til å legges direkte inn i databasen. Skolebarnsoppskriftene fra Nordland, Troms og deler av Hedmark, til sammen rundt 100 000 navn, er også dataførte og klare til å legges inn i databasen.

Også stedsnavnmaterialet som finnes på papir på arkivsalen er gjennomgått, og det er gjort prøveinnføringer i Access for å finne ut omtrent hvor lang tid det vil ta å legge dette materialet inn i databasen. Resultatet for skuffene med «Nyinnkome tilfang» ble anslagsvis 1730 timer. En del av

materialet i disse skuffene er allerede dataført, men må konverteres til stedsnavndatabasen. Hvor lang tid dette vil ta, må beregnes av datakyndige personer.

Det finnes også en liten skuffeseksjon med materiale der det gjenstår både skanning, innskriving av opplysninger og konvertering. En beregning av hvor lang tid dette vil ta, er også en oppgave for datakyndige. Norsk Ordboks nettutgave har dessuten 10 000 sedler med navn som bør overføres til stedsnavndatabasen.

Bare innføringsarbeidet vil dermed ta anslagsvis femten årsverk. I tillegg kommer skanning, retting og konvertering. Dessuten finnes det atskillig mer materiale som kan være aktuelt å få med, f.eks. hovedoppgaver, resten av skolebarnsoppskriftene, gymnasoppgaver osv.

Line Lysaker Heinesen
lysakerl@yahoo.no

EN FELLES VIRTUELL DATABASE FOR STEDSNAV N

I Norge har det gjennom de siste hundre og tretti årene vært gjennomført en rekke ulike stednavnsinnsamlinger. Mange har resultert i små og store publiserte stedsnavnoversikter og -studier, med Oluf Ryghs *Norske Gaardnavne* som selve flaggskipet. Men dessverre har også mange innsamlinger og andre systematiseringer blitt liggende underutnyttet i skuffer og skap landet over. I de siste tjue årene har det vært flere initiativer for å formidle publisert og upublisert materiale elektronisk via internett. De mest omfattende er gjort i regi av Statens kartverk, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og universitetene, særlig gjennom Dokumentasjonsprosjektet. I tillegg kommer en rekke større og mindre lokale initiativer. Men bruken av datamaskiner og nettpublisering har ikke endret det fragmenterte bildet og ei heller endret det faktum at store mengder navnedata ligger utilgjengelig – men nå i elektronisk form. Det er derfor på høy tid å få i stand et landsomfattende initiativ for å få tilgjengeliggjort det skjulte materialet og få lenket sammen de mange ulike navnedatabasene som tross alt er tilgjengelige på nettet.

Den fragmenterte oversikten over norske stedsnavn har klare paralleller til beskrivelsen av norske dialekter. Det har vært gjort en rekke lokale og nasjonale innsamlinger og systematiseringer over et langt tidsspenn og med solid geografisk spredning. Det er derfor naturlig å se litt på hvilke løsninger en valgte i forbindelse med revitaliseringen av *Norsk Ordbok*, prosjektet NO2014. Norsk Ordbok har som mål å gi en uttømmende vitenskapelig oversikt over ordforrådet i perioden fra 1600 til i dag i norske dialekter og i


det nynorske skriftspråket. Prosjektet NO2014 må dermed håndtere grunnlagsmaterialets manglende standardisering både i den historiske og i den geografiske dimensjonen. For å takle dette valgte en i NO2014 å lage den såkalte Metaordboka. Metaordboka er et system for å lenke sammen ulike kilder som spenner fra ordlister og glossarier fra 1700-tallet til moderne dialektordbøker og ordsamlinger inkludert lyd og bilder. En innførsel i Metaordboka kan tenkes som en mappe som inneholder (lenker til) eksempler på bruk av ord og ordbeskrivelser i de originale kildene. Lenkingen går begge veier slik at oppslagene i en dialektordbok gir brukeren mulighet til å se sin dialekt i et større hele. Metaordboka har vært brukt i NO2014 i nesten ti år og har vist seg å være et meget nyttig verktøy og utgjør krumtappen i NO2014s kombinerte leksikalske database og ordboksredigeringsverktøy.

For norsk stedsnavnsforskning vil en pendant til *Norsk Ordbok* være en ny og gjennomarbeidet versjon av *Norske Gaardnavne* utvidet til alle typer stedsnavn. Det er definitivt ønsket, men er et noe vel ambisiøst prosjekt. Som et skritt på veien kan en i stedet etablere stedsnavnsforskningens svar på NO2014s metaordbok. Dette vil være en sammenlenking av ulike navnedatabaser som kan hjelpe forskere og andre interessert til å få en inngang til innsamlinger, beskrivelser og andre studier av norske stedsnavn. Det er i denne forbindelse verdt å nevne at det originale formålet med Metaordboka var nettopp å gi en samlet tilgang til det digitaliserte kildematerialet til *Norsk Ordbok*.

Hovedkomponentene i en virtuell samlet stedsnavnsdatabase er vist i diagrammet nedenfor (figur 1). Ideen er den samme som for Metaordboka. Eksisterende kortsamlinger og studier skal digitaliseres og informasjonen gjengis slik den er etter vanlige, moderne prinsipper for tekstutgaver. Det skal være tydelig hva som kommer fra den originale kilden og hva som er lagt til under digitaliseringen. Det enkleste kan være å skanne inn originalene og skrive inn de mest sentrale opplysningene i en database for på den måten å lage en indeks til de digitale bildene av originalene. Dette prinsippet brukes av Nasjonalbiblioteket i deres massedigitalisering. En mer kostbar måte er å skrive av all tekst og kode den. Dette ble brukt da *Norske Gaardnavne* ble digitalisert.

Uansett må det rådende prinsippet være at en kjenner tilblivelseshistorien til databasen, og at det ikke er rettet i materialet av en velmenende redaktør uten at det er tydelig markert. En lokal navnesamling skal altså legges inn slik den er og ikke endres eller forbedres av en redaktør. Dette er viktig for å kunne bedrive kildekritikk på et forsvarlig vitenskapelig nivå. I figuren nedenfor er en del slike deldatabaser vist til høyre. Slike deldatabaser kan være alt fra lokale små innsamlinger til større initiativer som databasene ved Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane eller ved Navnegransking ved Universitetet i Oslo. For å hjelpe mindre innsamlingsmiljøer er det også mar-

kert et «samlingshotell» hvor en kan lagre samlinger for miljøer som ikke har ressurser til å lage egne databasesystemer. Tilsvarende løsninger finnes både i Digitalarkivet og i Metaordboka til NO2014.



Figur 1. Tenkt lenking av ulike navnedatabaser og kilder til stedsnavn.

Til venstre i figuren er Sentralt stedsnavnsregister (SSR) ved Statens kartverk markert. Dette registeret har en forvaltningsfunksjon og skal inneholde informasjon nok til å kunne fatte navnevedtak og informasjon om vedtak som er gjort. De ulike navnesamlingene og SSR kan bindes sammen langs minst to hovedakser, historisk-geografisk og etymologisk-lingvistisk. Det er for tiden et prosjekt mellom Statens kartverk, Riksarkivet, Lokalhistorisk institutt og Universitetet i Oslo med formål å lage en database over historisk-administrative grenser på kart. Et vesentlig biprodukt av dette prosjektet vil være en samlet database over den historisk-administrative inndelingen av Norge tilbake til om lag 1801 og ned til gårdsnivå. Ved å knytte de ulike matriklene til denne basen vil en også ha kommet et stykke på vei til å etablere en historisk-geografisk navnetesaurus. Den andre hovedforbindelsen er gjennom det å betrakte stedsnavnene som språklige uttrykk og å binde dem sammen etter ulike kriterier som opphav, betydning og bruk. Dette er nærmere leksikografenes angrepsvinkel.

Suksesskriteriet for en slik virtuell database er om det er lett for forskere og interesserte å søke i alle basene samtidig gjennom ulike innganger som

markering på digitale kart, administrative enheter (f.eks. hvilke navn som er brukt om en gård for hundre og femti år siden), navn på topografiske formasjoner eller betydning og opphav. For å få dette til kreves det at noen større organisasjoner som universitetene og Statens kartverk tar ansvar for et permanent vedlikehold av de sentrale delene, spesielt autoritetsregistre og tesaurer. I tillegg må det utarbeides et felles utvekslingsformat mellom databasene som en må være forpliktet til å følge. Her er det allerede gjort mye både nasjonalt og i Europa. Det er teknisk sett ingen problemer med å få en slik virtuell database på lufta. Men som ellers krever det vilje til forpliktende samarbeid og en vilje til å bidra med ressurser fra noen sentrale aktører. Mitt inntrykk fra samrådsmøtet i Oslo i november 2009 er at det er et klart ønske i fagmiljøene om å få dette til. Så la oss satse!

Christian-Emil Ore
 Institutt for lingvistiske og nordiske studier,
 Universitetet i Oslo
 c.e.s.ore@iln.uio.no

LOKALE STADNAMN I BYGDEBØKER

I arbeidet mitt gjennom mange år som bygdebokforfattar har eg interessert meg sterkt for stadnamn. Dei aller fleste stadnamna våre høyrer til i eit lokalsamfunn og er såleis ein viktig del av lokalhistoria, og etter mi meining òg ein viktig del av ei gards- og slektshistorie. Det var gjennom arbeidet mitt med bokserien *Norske Gardsbruk i Hedmark* i perioden 2001–2006 at eg fekk høve til å drive djupinnsamling av stadnamn i store delar av Stange og Elverum. Frå og med hausten 2007 har eg vori tilsett som bygdebokforfattar i Aurskog-Høland herad, og i skrivande stund arbeider eg med band 6 av gards- og slektshistoria for Høland. I samband med dette arbeidet har eg òg gjort djupinnsamling av stadnamn. Tanken er at dette materialet skal presenterast i eit eige kapittel under kvar matrikkelgard saman med kart der namna vil vera teikna inn. På dette kartet vil òg andre kulturminne som gravhaugar, gamle stigar og ulike lausfunn finnast.

Da eg var rundt på dei større gardane i Stange og Romedal, la eg merke til at dei hadde gamle gardskart, ofte i glas og ramme i finstua. Fleire av desse karta gjekk tilbake til 1850- og 1860-åra og inneheldt mange teignamn. Dette er ei kjelde som til nå ikkje har vori særleg nytta i namnegranskinga, og det er mi von at desse karta kan bli kopierte og sikra for ettertida. Problemet slik stoda er i dag, er at dei er utsette for t.d. brann, bleiking av ljøs frå sola eller at dei rett og slett kjem bort ved arveskifte.

Bygdebøker er ei rik kjelde til stadnamn, og det er fyrst og fremst gards- og slektshistoria som ofte kan innehalde mange slike namn. Ei av dei betre bygdebøkene i Hedmark når det gjeld å ta med stadnamn, er *Vangsboka* av Odd Stensrud. Dette verket har til no komi i tre band: *Vangsboka gnr. 115–152* (2004), *Vangsboka gnr. 153–177* (1988) og *Vangsboka gnr. 178–194* (1983). I desse bøkene er kvar matrikkelgard presentert med eit kart over innmarka, der teignamna er påførde. I tillegg finst det òg ofte utfyllande opplysningar om eldre namn frå skriftlege kjelder. Nokre gardskart er òg gjevne att i boka. Frå Romerike og Odalen er det spesielt Birger Kirkebys bøker som peikar seg ut. For Romerike gjeld det Eidsvoll, Nannestad, Gjerdrum, delar av Nes, Enebakk og Nittedal. Også Jan Erik Horgens bøker for Fet inneheld mykje stadnamntilfang.

Som bygdebokforfattar har eg elles god nytte av Digitalarkivet. Fleire og fleire kjelder blir nå lagde ut her, og det har nærast skjedd ein datarevolusjon dei siste åra med tanke på kjeldetilgangen på verdsveven. I arbeidet mitt med slektgransking brukar eg dagleg kyrkjebøkene på nettet, som òg er ei rik kjelde for stadnamn. I tillegg ligg det på Digitalarkivet mange søkbare databasar som inneheld stadnamn.

Som bygdebokforfattar er det vanskeleg, for ikkje å seie umogleg, å ikkje koma bort i vanskar kring normering og skrivemåten av stadnamn, og da spesielt gardsnamn. I artikkelen «Skrivemåten av gardsnamna våre – kven skal bestemme?» i *Nytt om namn* nr. 48 (2008) refererer Aud-Kirsti Pedersen til Oluf Ryghs merknader om folks nedlatande haldningar til nedervd uttale. Dette er haldningar eg sjølv kjenner att gjennom dei åra eg har drivi med djupinnsamling. Haldningane hos grunneigarar eller bygdebokkomitear er at namn skal skrivast slik dei har vori skrivne på ymse dokument, og særleg slik dei er nytta som etternamn. Ofte er dette – diverre – nærast i språkdrakt frå 1700-talet. Di fleire *c*-ar og stumme *h*-ar eit namn har, di betre er det. Eit døme frå eiga innsamling i Høland syner dette tilhøvet. På matrikkelgarden Hjellebøl i Høland har dei ein åker dei kallar *Børresrudhaugen*. Bonden på garden fortalde meg at han oppfatta utmerkingsleddet nærast som eit klengjenamn av den offisielle skriftforma *Borgersrud*, men går ein til Kåre Hoels oppskrifter frå denne garden, ser ein at dette er ei eldre uttaleform av namnet *Borgersrud*. Det ser dermed ut til at ein kan trekkje den slutninga at lite har endra seg på dei drygt hundre åra sidan Rygh og etterføljarane hans arbeidde med *Norske Gaardnavne*.

Frode Myrheim
frodmyr@gmail.com

STEDSNAVNINGSSAMLING SOM LOKALHISTORISK PROSJEKT

Innenfor språkmiljøet opplever vi at navnegransking ikke verdsettes på samme måten som før. Fagstillinger blir inndradd, og aktiviteten blir forsøkt bygd ned. Like fullt ser vi at stedsnavn har brei allmenn interesse, og i mange lokalhistoriemiljøer er det ikke tvil om at interessen er stigende. Situasjonen tilsier at navnegranskere og lokalhistorikere bør snakke mer sammen. Her bør det absolutt være rom for nærmere samarbeid.

Lokalhistorisk navneinnsamling på språkvitenskaplig grunn

I over 25 år har jeg drevet med noe en kan kalle lokalhistorisk navneinnsamling på språkvitenskaplig grunn. Samlingene av stedsnavn er ordnet i hefter, illustrert med bilder og kart; ett hefte for hver matrikkelgard/navnegard. Konseptet følger en oppskrift som er beskrevet i *Nytt om namn* nr. 46, s. 102–105 (Haslum 2007). Fra Kragerø i Telemark og Os i Hordaland har jeg fått ferdig flere hefter. Erfaringene har vært svært gode, og tilbakemeldingene positive.

Lokalhistorisk navneinnsamling og krav til kvalitet

Utarbeidelsen følger de samme grunnleggende kvalitetskrav som stadnamnarkivene. Det som kjennetegner det lokalhistoriske konseptet, er at visse sider er tillagt spesiell vekt:

1. *Navneinventaret er tydeliggjort og tillegges stor kulturhistorisk egenverdi.* De gamle bosetningsenhetene («garden») danner rammene for hver enkelt presentasjon. Det navneinventaret som da framkommer, vil samsvare med brukerkretsen. Å synliggjøre det naturlige, nedarvete navneinventaret er å ta vare på denne språklige kulturarvs egentlige vesen (se Haslum 2006).

2. *Informantene er tydeliggjort og framtrer som eksperter.* Ikke bare navnekjennskap, men også lokal kunnskap tillegges stor verdi. Informantene framstår med fullt navn; de deltar i ulike faser av prosessen.

Band 11 av *Norske Gaardnavne* kom ut i 1910 (her vist til som NG 11). Då var band 1–4.1 utgjevne av hovudmannen bak verket, Oluf Rygh, og vidare var band 4.2, 5, 6, 7 og 13–16 utgjevne av Albert Kjær og Karl Rygh. Såleis kom Magnus Olsen inn midt i arbeidet med utgjevinga av NG. I 1910 var han berre 32 år, så dette var enno tidleg i den vitskaplege karrieren hans. Men alt fem år før hadde han gjeve ut det 29 siders skriftet *Det gamle norske ønavn Njarðarlǫg* (Olsen 1905). Dette året debuterer han som namnegranskar (sjå nærare i artikkelen til Tom Schmidt ovanfor).

Magnus Olsen var fødd i Arendal, og ein kunne venta at han ville kasta seg over stadnamna frå heimefylket. Han var forresten aktuell som medarbeidar i bandet for Nedenes, men det var likevel Sør-Vestlandet han såg på med særleg interesse, i fyrste omgang Søndre Bergenhus. Han hadde visseleg oppdaga at det låg store utfordringar i det vestnorske materialet, ikkje minst av den typen han kom til å konsentrera seg særskilt om, nemleg dei sakrale eller moglege sakrale stadnamna. Eit spesielt interessant mønster meinte han å sjå i den midtre delen av Hordaland der namn som *Tysnes*, *Ve*, *Vevatne*, *Godøya*, *Hovland* og det bortkomne *Njarðarlǫg* opna seg som eit sakralt sentraldistrikt. Sjølv nytta han ikkje «sakral» som term, men brukte omgrep som «kultminner», «gudeminner», «hedenske kultminner», «hellignavn», «navn etter helligdom» og liknande omskrivingar. Slike nemningar finn ein då att i dei fleste verka hans der han kjem inn på tilhøvet mellom stadnamn og førkristen kult (sjå t.d. Olsen 1915, 1926, 1929). Termen *sakral* har med sakrament å gjera, men tyder òg 'heilag' meir allment, sjå nærare i Helleland 1992, s. 255 f., og Vikstrand 2001, s. 36 ff. om den namnevitskaplege bruken). Denne sida ved namnestudiet har oppteke Magnus Olsen i heilt spesiell grad. Han var, som Jon Gunnar Jørgensen seier i sin artikkel ovanfor, oppteken av «usynlige krefter – religion, mystikk og magi».

2 Materialet

Når ein blar gjennom NG 11 med sakrale stadnamn for auga, vil ein merkja seg at dei fleste namna av denne kategorien hovudsakleg finst i dei indre og midtre fjordstroka, men når så langt ut som til Fana og Os. Eg har notert meg desse 27 namna som utgjevaren har drege inn i ein sakral kontekst.

Nokre namn førekjem meir enn éin gong, og då står talet på førekomstar i parentes. I slike tilfelle gjeld oppføringa det namnet som er tidlegast dokumentert. Etter oppslagsforma og det (oftast) eldste belegget kjem gardsnummer og herad etter inndelinga i NG, og til slutt tilvising til side i NG 11.

- Balleseim*, i Balhæimum ca. 1360, gnr. 106–107 Strandvik, s. 201
Elge, i Æilgini ca. 1300, gnr. 43 Evanger, s. 522
Eljarås, Elleraas ca. 1520, gnr. 79 Sveio, s. 111
Elsåker, Elsager ca. 1520, gnr. 153 Tysnes, s. 178
Freim, i Frœymi 1333, gnr. 28 Ullensvang, s. 446
Frette, Frette ca. 1520, gnr. 63 Etne, s. 76
Fresvik, Frysuig ca. 1520, gnr. 91 Ullensvang, s. 456
Frøland, Frøland ca. 1520, gnr. 124 Samnanger, s. 226 f.
Frøynes, Frøiunes ca. 1360, gnr. 77 Ullensvang, s. 455
Godøy, Gudøn ca. 1520, gnr. 100, 102 Tysnes, s. 171 f.
Haljem, Halgheimir 1427, gnr. 44 Os, s. 213
Helland (11), i Hælghalande ca. 1360, gnr. 77 Haus, s. 306
Helvika (2) gnr. 127 Finnås, s. 137
Hofstø, Hoffstadt 1563, gnr. 50 Fitjar, s. 154
Hopland (3), Opland ca. 1520, gnr. 15 Alversund, s. 365
Hovland (7), a Hoflande 1343 (seinare avskr.), gnr. 40 Etne, s. 72
Nereim, Niardhæimssokn 1326, gnr. 90–91 Fjelberg, s. 95
Nervik, i Niarduikum 1315, gnr. 63 Fjelberg, s. 92
Njarðarlög, Niarðarlagv ca. 1288 (Tysnes), s. 181 ff.
Torsnes, Þorsnæs ca. 1360, gnr. 36 Jondal, s. 512
Totland (6), Þorsland, Þotland 1427, gnr. 57 Fana, s. 236
Tysnes, Tysnes 1330, gnr. 99 Tysnes, s. 171
Ulland, Vlleland 1668, gnr. 123 Samnanger, s. 226
Ullensvang, Ullinsvangr 1309, gnr. 76 Ullensvang, s. 454 f.
Ve, Vee 1333, gnr. 89–90 Tysnes, s. 170
Vevatne, Vewatne ca. 1520, gnr. 118 Tysnes, s. 173
Øystese, Æystusyn ca. 1300, gnr. 44 Vikør, s. 499

Desse kan grupperast etter ulike kriterium. I eit anna arbeid (Helleland 1997, s. 128) har eg føreslått desse kategoriane: 1) kultstader, 2) teofore tilhøve ved gudenamn, 3) teofore tilhøve ved gudenemne, 4) andre sakrale tilhøve. I dette materialet er det berre eitt namn som høver i gruppe 1 (*Ve*), og eitt i gruppe 3 (*Godøy*), så eg samlar tilfanget i to grupper. Oppstillinga er basert på tolkingane i NG 11. I tillegg til dei aktuelle gardsnamna dreg utgjevaren inn nokre andre mogeleg sakrale namn, som *Helgasteinen* i Tysnes (NG 11, s. 173), *Helgaberg* og det bortkomne **Helgalaug* i Etne (NG 11, s. 71, 75) og *Ullabersteinen* i Ullensvang (NG 11, s. 454).

1) gudenamn og gudenemne som Magnus Olsen meiner å sjå i materialet (etter NG 11, sjå sidetilvising ovanfor)

Balleseim – **Baldr*
 Freim – **Freyja*, **Freyr*
 Fresvik – **Freyr*
 Frøland – **Freyja*
 Frøyenes – **Freyja*
 Godøy – **goðr*
 Nereim – **Njǫrðr*
 Nervik – **Njǫrðr*
 Njarðarlǫg – **Njǫrðr*
 Torsnes – **Þórr*
 Totland – **Þórr*
 Tysnes – **Týr*
 Ulland – **Ullr*
 Ullensvang – **Ullinn*

2) kultstader og andre moglege sakrale tilhøve som Magnus Olsen meiner å sjå i materialet (etter NG 11, sjå sidetilvising ovanfor)

Elge – «1ste Led kan etter Formen være **elgr* f. Helligdom» [+ *vin*]
 Eljarås – «1ste Led er kanskje **elgr* f. Helligdom»
 Elsåker – «rimelig ... at opfatte 1ste Led som Gen. af **elgi* n., **ølgi* n.»
 Frette – «*frétt* f. Spørgeren ... Henvendelse til Guderne»
 Haljem – «kan ... være sms. med Adj. *heilagr*, hellig» [+ (*h*)*eimr*]
 Helland – «kan ... forklares baade af Adj. *heilagr*, hellig, og af Mandsnavnet *Helgi*» [eller av kvinnenamnet *Helga* < **Helgaland*] (NG 11, s. 38 f.)
 Helvika – «muligt, af Adj. *heilagr*, eller af et af Personnavnene ... *Helgi*, *Helga*», sitert etter NG 2, s. 86 (der om eit namn i Nesodden)
 Hofstø – «stærkt for at opfatte ... som **Hofstaðr*, d. e. Tempel-Stedet»
 Hopland – «en Formodning om ... **Hofsland*, sms. med *hof* n., hedensk Tempel»
 Hovland – «**Hofland*, til et Tempel henlagt Land»
 Vevatne – «sms. enten med *vé* n., Helligdom, eller med Adj. **vé-* (got. *weihs*), hellig»
 Ve – «*Vé* n., Helligdom, helligt Sted»
 Øystese – «nær at søge en Betegnelse for et hedensk Gudsdyrkelsessted» [+ *vin*]

3 Magnus Olsen og andre

Når ein skal prøva å seia noko om «Magnus Olsens sakrale profil» slik han ytrar seg i NG 11, kunne det t.d. målast i høve til dei seinare arbeida hans. No trur eg ikkje det ville gje så store utslag sidan den sakrale argumentasjonen er førd vidare med stor styrke både i *Hedenske kultminder i norske stedsnavne* (HK = Olsen 1915) og i andre seinare arbeid. Ei meir nærliggjande tilnærming ville vera å samanlikna det eg har kalla den «sakrale profilen» i NG 11 i høve til andre granskarar som i større eller mindre grad har teke for seg tilsvarande materiale. Men det ligg utanfor råma av dette arbeidet å gå inn på «Stand der Forschung» – det ville verta eit langt større prosjekt. Generelt kan ein vel seia at når ein har med ein sakral «maksimumstolkar» (McNicol 1997, s. 141) som Magnus Olsen å gjera, er det berre rimeleg at det har kome opposisjonsinnlegg frå samtidige og seinare granskarar. I ei drøfting av Magnus Olsens arbeid med sakrale stadnamn har Jørn Sandnes peika på den varsemnda Oluf Rygh viste overfor denne typen materiale i høve til Olsen, men Sandnes streka òg under at den sistnemnde la større vekt på samfunnshistoriske enn på lingvistiske aspekt (Sandnes 1992, s. 10). I ein forskingshistorisk studie av rundt femti moglege sakrale stadnamn i Østfold har Kristin Sundve Sannan (2009, s. 34) funne at Magnus Olsen kjem fram til 88 prosent, medan Oluf Rygh nøyer seg med 57 prosent.

Når ein skal ta Hordalands-materialet nærare i augnesyn, er det mest nærliggjande å sjå på kommentarane til Magnus Olsen i høve til merkningane til Oluf Rygh. Rygh er ikkje så sjeldan sitert av dei andre utgjevarane av NG, også Magnus Olsen, og eg har sett på nokre stader der det er tilfellet i NG 11. Eit illustrerande døme er gnr. 123 *Ulland* i Samnanger, der Olsen siterer Rygh i NG 4.1 (som var det siste Rygh gjorde ferdig sjølv) med referanse til namnet i Samnanger:

Det ligger nærmest at forklare dette Gaardnavn af Gudenavnet *Ullr*, som brugt om et Stykke Land, der var henlagt til en ham viet Helligdom; men Forklaringen bliver noget betænkelig derved, at Navnet er saa hyppigt. Det kan paavises i 13 Tilfælde i forskjellige Landsdele, mest paa Vestlandet, hvortil endnu kommer et Exempel fra Bohuslen (*i Vllalandum* RB. 366). En liden Bestyrkelse for den vil man dog kanske finde deri, at man i Samnanger lige ved Siden af Ulland har to andre Gaardnavne, som sikkert maa være dannede af Gudenavne: Frøiland og Totland. (NG 11, s. 226)

Rygh tek altså eit visst atterhald om ei sakral tolking ved at det er tale om så mange førekomstar av namnet. Her kan ein forresten samanlikna med **Helgaland* nedanfor, der Olsen argumenterer for ei sakral forklaring og imot eit personnamn nettopp av di namnet er så utbreidd. (Spørsmålet om i

kva grad frekvens av namn og namneledd kan gjelda som argument i tolkingsprosessen, lèt eg liggja her.)

I den handskrivne protokollen for Søndre Bergenhus Amt (Riksarkivet) har Rygh faktisk uttrykt seg nokså eintydig om *Ulland*: «Med Henblik til de to følgende Navne [*Frøyland* og *Totland*] kan man neppe være i Tvivl om Forklaring af Gudenavnene *Ullr*, *Freyr* (eller *Freyja*) og *Pórr*». Det at lokalitetar med moglege sakrale namn ligg nær kvarandre, er altså både hjå Rygh og Olsen eit kronargument, men Olsen dreg det lengst.

4 Argument for sakral forklaring

Argumentasjonen for ei sakral forklaring kan delast i ein språkleg og ein ikkje-språkleg del. Til den fyrste høyrer sjølvstøtt avveginga av dei ein-skilde namna i høve til relevant ord- og namnetilfang slik kunnskapen var etablert rundt 1910. Eit døme på bae typar argumentasjon kjem fram i drøftinga av *Totland* i Finnås (Moster):

PnSt. S. 260 nævnes den Mulighed, at Totland kan komme af **Pórisland*, sms. med Mandsnavnet *Pórir*, Tore. Herimod taler dog Navnets Tostavelsestone, som snarest henviser til en opr. tostavelse Form. Paa dette Sted støttes ogsaa Forklaringen af Gudenavnet ved den Omstændighed, at der i Eyrbyggja saga omtales et Tors-Hov paa Moster, saaledes at Totland kan have Sammenhæng med dette. (NG 11, s. 123)

Einstavings tonelag som refleks av ei bortfallen mellomstaving er ein regel Magnus Olsen har nemnt fleire gonger, og her fører han det som argument for at namnet ikkje går attende på *Pórir*. Men også i PnSt (s. 261) vert gudenamnet *Pórr* nemnt som moglege forklaring. Vidare er det eit språkleg argument når *Helland* ut frå målføreuttalen kan restituerast som *Helgaland*, sjå nedanfor.

Eit ikkje-språkleg argument for ei sakral forklaring av *Totland* i Finnås finn Olsen som me ser i *Eyrbyggja saga*, nemleg tilvisinga til eit Tors-hov i grannesoknet Moster. Om *Fresvik* (Ullensvang), uttala /fress'vi:k/ (NG opplyser tonem 2), seier Olsen:

Derfor er der, uagtet den nuv. Udtale, nogen Grund til at opstille som gammel Form **Frøysvík*, sms. med Gudenavnet *Frøyr*. Derimod opføres Frøsvik i PnSt. S. 75 under Mandsnavnet *Friðrekr* med den Tilføielse: «Forklares vel noksaa rimeligt af dette Mandsnavn, som af Gudenavnet *Frøyr*». (NG 11, s. 456)

Tonelaget skulle ikkje vera til hinder for ei forklaring av eit tostava mannsnamn med bortfallen mellomstaving i fyrsteleddet, men også eit einstava ord med *s*-genitiv kan gje tonem 1, t.d. /steins'beite/. Eg går ikkje her

nærare inn på den språklege argumentasjonen for sakrale tolkingar, men vil visa ein del av dei ikkje-språklege argumenta som er mest framtrudande hjå Magnus Olsen. Eit gjennomgåande argument av denne typen er nærleik til andre lokalitetar med sakrale namn eller til lokalitetar med sakrale funksjonar. Dette kjem særleg til uttrykk i drøftinga av materialet i det gamle *Njarðarlög* (Tysnes), som Magnus Olsen meiner har vore eit midtpunkt for dyrkinga av Njord «hvor en Række Stedsnavne henviser til hedensk Gudsdyrkelse» (NG 11, s. 182, sjå meir utførleg drøfting i Olsen 1905). Han peikar her på to grupper sakrale namn, ei vestleg med namna *Tysnes*, *Ve* og *Godøy*, og ei austleg med *Lunde*, *Vevatne*, «det hellige Vand eller Helligdomsvandet», og moglege *Hovland*. *Lunde* er ein av grannegardane til *Vevatne*, og dette namnet «kan have Hensyn til en hellig Lund» (NG 11, s. 182). Men under forklaringa av *Lunde* i NG 11 (s. 173) vert det derimot berre vist til innleiingsbandet, som seier at det neppe finst noko namn med dette ordet som sikkert kan knytast til heilage lundar i heidensk tid (NG Indl. s. 66). Her nemner eg òg *Frette* i Etne som ligg nær det gamle **Helgalaug* (rekna som eldre namn på Stordalsvatnet).

Sentralt lægje, noko som oftast vil seia kyrkjestad eller nær kyrkjestad, er ofte brukt for å støtta ei sakral tolking dersom det språklege innhaldet kan tenkjast å forsvare det. Det gjeld t.d. *Elsåker* på Tysnes og *Frøynes* som er grannegard til Ullensvang prestegard. Her vert òg naturnamnet *Ullabersteinen* drege inn som støtte for eit sakralt namnemiljø (sjå nærare Helleland 2002). *Freim* i Odda vert fyrst sett til adj. *frjór* ‘fruktbar’, «men da Gaarden ligger ved det gamle Kirkested, er det rimeligere at forklare dens Navn af **Frøyjuheimr* ... eller af **Frøyheimr*» (samansett med gudenamnet *Frøya* eller *Frøy*). *Haljem* i Os samanliknar Olsen med *Holjum* i Vestfold som ligg nær ei kyrkje og legg så til at *Haljem* på si side ligg nær garden *Lunde*, «hvis Navn mulig kunde sigte til en hellig Lund» (NG 11, s. 213). Vidare peikar han på at *Hofstø* er nabogard til *Helland* (< **Helgaland*). Når det gjeld *Hopland*, er det freistande å sitera utgjevaren litt meir utførleg:

Samtlige 4 Gaarde af Navnet Hopland i dette Amt ere Nabogaarde til (eller, som Tilfældet er i Vikør, Part af) Gaarde, der som Kirkesteder allerede i M[ellom]A[lderen] have givet Sognene Navn. Da Kirkerne, som bekjendt, i mange Tilfælde bevislig ere opførte paa hedenske Gudsdyrkelsessteder, vækkes derved en Formodning om, at Hopland er opstaaet af **Hofsland*, sms. med *hof* n., hedensk Tempel. (NG 11, s. 365)

Nereim i Fjelberg er ikkje kommentert i høve til kyrkjestad, men funksjonen som gammalt soknenamn gjer det lett å argumentera for sakral relevans, som det nemnde *Øystese* og det nemnde *Ullensvang*. Både *Nereim* og *Nervik*, som òg finst i Fjelberg, er utan atterhald sette til gudenamnet

Njǫrð. Eit moment Magnus Olsen har lagt vekt på ved analysen av sakrale stadnamn, er at dei ofte opptrer i grupper på to eller fleire, gjerne med ulike gudenamn i forleddet. Ofte ser Olsen slike namnegrupper som uttrykk for ei parvis dyrking og kan dermed bruka dette som forsterkande argument for ei sakral tolking. Dette kjem fram m.a. i diskusjonen av *Frøland* og *Ulland* i Samnanger, der han seier at det finst fleire døme på «at Ull er dyrket sammen med en kvindelig Guddom» (NG 11, s. 226), ei oppfatning som han deler med Oluf Rygh. I ein liknande kontekst ser han *Ullensvang* og *Frøyenes* (NG 11 s. 454 f.).

5 Hof- som fyrsteledd

Eit iaugnefallande trekk ved materialet er det relativt store talet på *Hovland*, til saman 7 (dette er likevel færre enn i Sogn og Fjordane, som har heile 12). På Austlandet finst *Hovland* vel 13 stader, hovudsakleg i den vestlege delen. Her kan ein samanlikna med *Hovin*, som det finst 22 av, dei aller fleste i den austlege delen av Austlandet. I eit overgangsområde møtest dei, men ein kan seia at desse to langt på veg står i opposisjon til kvarandre når det gjeld utbreiing. Ein skulle såleis venta at dei var nokolunde samtidige og gjevne under like samfunnstilhøve. Ein merkjer seg likevel at *Hovin*-gardane ligg meir sentralt til enn dei fleste *Hovland*-gardane. Etter den etablerte kronologien vert *vin*-namna stort sett rekna som noko eldre enn *land*-namna. I NG 11 tek ikkje utgjevaren opp spørsmålet om datering. Derimot kjem han inn på tidfestinga av dei to typene i HK og nemner at *Hovland* (og *Helgeland*) «aabenbart tilhører hedendomens siste aarhundreder» (Olsen 1915, s. 86). *Hovin* set han til dei fyrste hundreåra etter Kristi fødsel, men legg til at dei vestlandske *Hovland* dreg *Hovin* fram i alder, men visst knapt så seint som *Hovland* (*op.cit.*, s. 93, jf. merkn. 1). Jørn Sandnes (1973) har ut frå landskyldmetoden kome til at *vin*-namn gjennomgåande kan reknast som eldre enn *land*-namn. *Hovin*-gardane ligg dessutan meir sentralt til enn dei fleste *Hovland*-gardane.

I NG Indl. (s. 56) vert gno. *hofland* forklart, med eit lite atterhald, som «Land, Gaard som tilhører et Tempel». Ved den fyrste førekomsten av *Hovland* (gnr. 40 i Etne) seier utgjevaren kort og konsist at det tyder «til et Tempel henlagt Land» (NG 11, s. 72). Ved alle dei andre førekomstane av namnet er det vist til namnet i Etne. Ut frå kommentaren her og elles i NG går det fram at **hofland* og **hofvin* vert rekna som appellativiske samansetningar, utan at denne termen er nemnd eksplisitt. Elles er det verdt å merkja seg at *hof* ikkje er nytta åleine i Hordaland, slik tilfellet er i Rogaland og særleg i Sogn og Fjordane.

Dersom ein kan gå ut frå at *Hopland* (nemnt ovanfor) er eit eldre **Hovland*, kan talet på denne typen i Hordaland aukast med dei 4 førekomstane. Endå eit namn skal nemnast her, nemleg *Hofstø* i Fitjar. Det vil Olsen setja til *Hofstaðr* ‘tempelstaden’ heller enn til *Hofstǫð* ‘tempelstøa’ ut frå at det

er tale om ein grannegard til eit eldre **Helgaland*, sjå nedanfor. Seinare granskarar har prøvd ulike tolkingar av **Hofland* (sjå oversyn hjå Særheim 2001, s. 104 f., 373 f.), men det står enno att å gjera ein meir inngående etterrøknad av typen.

Ei anna namnegruppe som ein kan sjå i samband med *Hovland*, er *Hel-land*. Dette namnet er mykje utbreidd i Hordaland og kan ha ulike opphav, men 11 førekomstar har ein uttale som ikkje kan reflektera opphavleg *-ll-*, men gjerne *-lg-*. Der det ligg føre historiske former med *-lg-*, nemner Olsen (NG 11, s. 38 f.) at manns- eller kvinnenamnet *Helgi/Helga* kan tenkjast. Men han konkluderer med at dersom ein kan gå ut frå ei historisk form **Helgaland*, må adjektivet *heilagr* liggja til grunn av di det i dette fylket er få namn på *-land* med personnamn som forledd. Elles treng ikkje dette adjektivet berre tyda ‘heilag’ i sakral meining, det kan ha fleire tydingsvariantar som ‘fredheilag, hegna’ (sjå Calissendorf 1964).

6 Sluttord

I NG 11 har det naturleg nok ikkje vore høve til å gje att større samanhengande framstillingar, men i dei artiklane som har noko lengd, skimtar ein heilskapssyn på det ein kan kalla det sakrale namnelandskapet. Det ligg ein stor språkleg og religionshistorisk kompetanse attom forklaringane i NG band 11, ein kompetanse som vert ytterlegare demonstrert i band 10, som kom i 1915, same år som HK kom ut. Dei mange einskildbetane som ligg i stadnamnmaterialet, har Magnus Olsen gjort til byggjesteinar i ein større samfunnsmessig samheng. Som Anne Holtmark (1977, s. 11) framheva, galdt det for Magnus Olsen «å finne helheten omkring det overleverte materiale, å leve seg inn i miljøet». Seinare forskarar har til dels stilt seg på sida av ei slik tilnærming. Men å avvisa det sakrale namnelandskapet representerer neppe ei fruktbar tilnærming. Per Vikstrand, som i ein større studie frå 2001 har teke for seg denne typen stadnamn, har sagt det slik (s. 39): «Det fins ... inget dramatisk eller spektakulärt över de sakrala ortnamnen – tvärtom utgör de ett förväntat inslag i ett landskap format av människans föreställningar och berättelser.»

Litteratur

- Calissendorff, Karin. 1964. Helgö. *Namn och bygd* 52, s. 105–151.
- Helleland, Botolv. 1992. Sakrale namn. Nokre forskingsoppgåver frå norsk synsstad. I: *Sakrale navne. Rapport fra NORNA's sekstende symposium i Gilleleje 30.11.–2.12.1990*. (NORNA-rapporter 48.) Uppsala, s. 253–263.
- . 1997. Sosiale og sakrale uttrykk i stadnamn. Freistnad på ei tematisering. I: *Ortnamn i språk och samhälle. Hyllningsskrift till Lars Hellberg*. Red. Svante Strandberg. (Acta Universitatis Upsaliensis. Nomina Germanica. Arkiv för germansk namnforskning 22.) Uppsala, s. 125–142.

- . 2002. Religionsskiftet og stadnamn. Ei problematisering med utgangspunkt i *Ullensvang*. *Namn och bygd* 90, s. 53–107.
- HK = *Hedenske kultminder i norske stedsnavne* (= Olsen 1915).
- Holtmark, Anne. 1977. Magnus Olsen 1878–1963. I: *Magnus Olsen. En bibliografi*. Red. Ole-Jørgen Johannessen. Oslo, s. 7–18.
- McNicol, John. 1997. *Plasseringen av de første kirkene i Norge i forhold til de hedenske kultstedene. En historiografisk studie omfattende tiden etter 1830*. (KULTs skriftserie 98.) Oslo.
- NG = Oluf Rygh. *Norske Gaardnavne. Oplysninger samlede til Brug ved Matrikelens Revision*. 1–18. Kristiania/Oslo 1897–1924. *Fællesregister* ved Albert Kjær. Oslo 1936.
- NG Inkl. = Oluf Rygh. *Norske Gaardnavne. Forord og Indledning. Oplysninger samlede til Brug ved Matrikelens Revision*. Kristiania 1898.
- Olsen, Magnus 1905. *Det gamle norske ønavn Njarðarlǫg*. (Christiania Videnskabs-Selskabs Forhandlinger for 1905. No. 5.) Christiania.
- . 1915. *Hedenske kultminder i norske stedsnavne*. I (= HK). (Videnskapselskabet's Skrifter. II. Hist.-filos. Klasse. 1914: 4.) Kristiania.
- . 1926. *Ættegård og helligdom. Norske stedsnavn sosialt og religionshistorisk belyst*. (Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie A: Forelesninger. IXa.) Oslo.
- . 1929. *Stedsnavn og gudeminner i Land*. (Avhandlinger utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo. II. Hist.-Filos. Klasse. 1929: 3.) Oslo.
- PnSt = *Gamle Personnavne i norske Stedsnavne*. Efterladt Arbeide af O. Rygh. Kristiania 1910.
- Sandnes, Jørn. 1973. Datering av navneklasser ved landskyld-metoden. *Maal og Minne* 1973, s. 12–28.
- . 1992. Norske stedsnavn og hedensk kultus. En vurdering av Magnus Olsens teorier i lys av nyere forskningsdebatt. I: *Sakrale navne. Rapport fra NORNA's sekstende symposium i Gilleleje 30.11.–2.12.1990*. (NORNA-rapporter 48.) Uppsala, s. 9–21.
- Sannan, Kristin Sundve. 2009. Sakrale stedsnavn i Østfold. Et omdiskutert navnemateriale sett i et utviklingsperspektiv. *Namn og Nemne* 26, s. 27–35.
- Særheim, Inge. 2001. *Namn og gard. Studium av busetnadsnamn på -land*. (Tidvise skrifter. Humaniora, kunst og estetikk 38.) Høgskolen i Stavanger. Stavanger.
- Vikstrand, Per. 2001. *Gudarnas platser. Förkristna sakrala ortnamn i Mälarskapskapen*. (Acta Academiae Regiae Gustavi Addolphi LXXVII. Studier till en svensk ortnamnsatlas utgivna av Thorsten Andersson 17.) Uppsala.

MAGNUS OLSENS NAMNERELATERTE PUBLIKASJONAR

Etter Terje Larsen: *Norsk stadnamnbibliografi*, Oslo 1981, og Ole-Jørgen Johannessen: *Magnus Olsen. En bibliografi*, Oslo 1977.

1905. *Det gamle norske ønavn* Njarðarlǫg. (Christiania Videnskabs-Selskabs Forhandlinger for 1905. No. 5.) Christiania. 29 s. (Trykt opp att i 1938a, s. 63–85.)
1906. Nogle norske stedsnavne [*Graudar, Malangr, Myrgja/*Myrgr, *Raða/*Rǫð, Rennabú, Róðr, Skjáldr, Sveðri/Sviðri, Titteimr, Váreimr, Vima* (gen.) / *á Vimur*]. ANF 22, s. 103–127.
1907. Elvenavnene *Fǫð, *Feð* og ønavnet *Feðjar*. ANF 23, s. 90–97.
1908. *Hærnavi. En gammel svensk og norsk gudinde*. (Christiania Videnskabs-Selskabs Forhandlinger for 1908. No. 6.) Christiania. 18 s.
- 1909a. Bidrag til forklaring af norske stedsnavne [*Gjøn, Kvinnherred, Ríðabú, Skaaseim, Steind, Vinstra*]. *Historisk Tidsskrift* 20, s. 154–74.
- 1909b. *Norpa (elvenavn). MM s. 64.
- 1909c. Ønavnet *Álǫst*, Alsten. MM s. 92–93.
- 1909d. *Trase*, Norges hovedstad. MM s. 103–104.
- 1910a. *Norske Gaardnavne XI. Gaardnavne i Søndre Bergenhus Amt*. Oplysninger samlede til Brug ved Matrikelens Revision af O. Rygh. Efter offentlig Foranstaltning udgivne med tilføiede Forklaringer af Magnus Olsen. xviii + 643 s. Kristiania.
- 1912a. *Stedsnavnestudier*. Kristiania. 130 s. Melding av O[skar] L[undberg] i NoB 1 (1913), s. 158–161.
- 1912b. Daarefjeld. MM s. 114.
- 1912d. (utg.) To breve fra O. Rygh til Sophus Bugge. MM s. 108–112.
- 1913a. Fjeldnavnet *Hádýr*, Haadyret. MM s. 158–159.
- 1913b. Fliðvík. NoB 1, s. 18–20.
- 1913c. Om Harald Haarfagres kongsgaarde. En tekstrettelse til Haraldskvæði str. 5.2 [*a kvinnum (kymnum)*] for i *Kǫrmtu*. MM s. 66–72. (Trykt opp att i 1938a, s. 197–203.)
- 1913d. [Melding av] *Namn och Bygd. Tidsskrift för nordisk ortnamnsforskning*. MM s. 160.
- 1914a. Fra grænseomraadet mellem arkæologi og stedsnavneforskning [*Vist, Viste, Vister*]. *Oldtiden. Tidsskrift for norsk forhistorie* [4] 1914 (= *Avhandlingar tilegnet K. Rygh 1839 – 7. juni – 1914*). Kristiania, s. 115–130.
- 1914b. Skjeberg. NoB 2 (= *Nordiska ortnamn. Hyllningsskrift tillägnad Adolf Noreen på sextioårsdagen av vänner och lärjungar*. Uppsala), s. 247–251. Trykt opp att i 1938a, s. 59–62.)
- 1914c. Tillæg [til Gunnar Olsen: *Skoklefeld*. MM s. 32–34]. MM s. 34–36.

- 1915a. *Hedenske kultminder i norske stedsnavne*. I. (Videnskapselskapets Skrifter. II. Hist.-filos. Klasse. 1914: 4.) 315 s. + 1 kart. Kristiania. Melding av Elof Hellquist i NoB 5 (1917), s. 161–182.)
- 1915b. *Norske Gaardnavne X. Gaardnavne i Stavanger Amt*. Oplysninger samlede til Brug ved Matrikelens Revision af O. Rygh. Efter offentlig Foranstaltning udgivne med tilføjede Forklaringer af Magnus Olsen. xvii + 510 s. Kristiania.
- 1915c. Skoklefald. MM s. 235.
- 1915d. Ømmervand og Ymmerstein. NoB 3, s. 29–30.
- 1916a. Fra Norges kystled. Nogle önavne forklarede [*Siktesöen, Flóstr, Pruma/Prymlingar/Trommestad, Merdö, Sjórn (Sjernerø), Geitisøy (Gjesöen, Gjössöen)*]. NoB 4, s. 49–65.
- 1916b. Nogen norske stedsnavnes vidnesbyrd om kjøbmandsfærd i middelalderen [*Seltibúðir, Skjalgsbúðir, *Finnsbúðir, *Vikingabúðir*]. MM s. 40–46.
- 1917a. Sigtuna. NoB 5, s. 90–92. (Trykt opp att i 1938a, s. 106–108.)
- 1917b. Ullevaal. MM s. 47–50. (Trykt opp att i 1938a, s. 102–105.)
- 1918a. Bygdenavnet Angr i Friðþjófs saga. *Studier tillegnade Esaias Tegné*r den 13 januari 1918. Lund, s. 214–222. (Trykt opp att i 1938a, s. 289–297.)
- 1918b. De norske stedsnavne i Gisle Surssøns saga. *Aarbøger for nordisk Oldkyndighed og Historie*, s. 41–60. København. (Trykt opp att i 1938a, s. 272–288.)
- 1918c. Dyrenavne. MM s. 69–70.
- 1918d. Tillæg [til Knut Kopperstad: Ø-navnet Rónde – Gaardsnavnet Rónde (G. N. 9, Herøy S., Romsd. Amt)]. MM s. 35–40.] MM s. 41.
- 1918e. Aarebrot. MM s. 87–88.
- 1918f. [Melding av] Eilert Ekwall: *Scandinavians and Celts in the North-West of England*. Lund 1918. MM s. 156.
- 1919a. En stedsnavne-reise i en Oplandsbygd [Land]. *Bygd og Bonde. Tidskrift for historie og folkeminner* I, s. 67–70.
- 1919b. Norske bygdenavne. 1. Vaagaa (Vaage). 2. Frosta. 3. Læmr. MM s. 5–19.
- 1919c. [Melding av] Hjalmar Lindroth: *Bohusläns härads- och sockennamn*. Göteborg 1918. MM s. 90–96.
- 1920a. Haneberg og Hanehaug. NoB 8 (= *Nordiska namnstudier tillägnade Erik Henrik Lind den 14 augusti 1919*), s. 35–39.
- 1920b. Noko meir um namnegransking. *Syn og Segn* 1920, s. 318–320.
- 1920c. Om optegnelse av stedsnavne og andre sprogninger. MM s. 1–33. (= *Fra Norsk Folkemindesamling II*. Kristiania 1920).
- 1920d. [Melding av] *Namn och Bygd. Tidskrift för nordisk ortnamnsforskning* 1. Uppsala 1913. *Anzeiger für indogermanisches Altertum* 1920. Berlin og Leipzig, s. 15–17.

1921. Haneberg og Hanehaug. NoB 9, s. 162.
1922. Tillegg. Minner om guderne og deres dyrkelse i norske stedsnavn [«en fullstendig omarbeidelse av O. Rygh's tillegg til 2nen utgave med samme tittel»]. P. A. Munch: *Norrøne gude- og heltesagn*. Tredje utgave efter A. Kjær's bearbeidelse, ved Magnus Olsen. Kristiania, s. 210–244. (Øg som særtrykk, Kristiania 1923. 40 s. I revidert utg. ved Anne Holtsmark, Oslo 1967, s. 293–333, med tittel «Minner i norske stedsnavn om guder og gudedyrkelse».)
- 1923a. Gamle stedsnavne omkring Arendal. [1. *Nið (Nidelven)*, 2. *Hís (Hisøen)*, 3. *Þruma (Tromøen)*, 4. *Flóstr (Flostrøen)*, 5. *Lungarðr (Lyngør)*, 6. *Merð (Merdø)*, Tillæg: *Gjesøen og Rævesand*, 7. Litt om gaardnavnene.] *Arendal fra fortid til nutid. Utgitt ved byens 200-aars jubileum som kjøpstad 7. mai 1923*. Kristiania, s. 57–88. (S. 70–77 [*Lungarðr (Lyngør)*] er trykt opp att i 1938a, s. 38–45.)
- 1923b. Røis og rysesberg. Bidrag til Edda-tolkning (Helg. Hund. I 36 og 41). Tillæg. Hesthammer og Hundhammer. MM s. 176–186.
- 1923c. Tillæg til «Røis og rysesberg». MM s. 250.
- 1924a. *Norske Gaardnavne XVIII (Tillægsbind)*. *Navne paa matrikulerede Jordeiendomme i Finmarkens Amt*. Efter offentlig Foranstaltning udgivne med tilføjede Forklaringer af J. Qvigstad og Magnus Olsen. xvi + 377 s. Kristiania.
- 1924b. En tekstrettelse til «Røde bok» [Frisholm i Stange]. MM s. 95–96.
- 1924c. Et 'græsk' stedsnavn i et [!] svensk runeindskrift. [Polomaida, Nälberga.]. *Festskrift tillägnad Hugo Pipping på hans sextioårsdag den 5 november 1924*. (Skrifter utgivna av Svenska Litteratursällskapet i Finland CLXXV.) Helsingfors, s. 411–418.
- 1924d. Norske ønavne [*Spind, Gossen, Smølen*]. *Festskrift tilegnet førstebibliothekar A. Kjær av venner 26. september 1924*. Kristiania, s. 61–64. (Trykt opp att i 1938a, s. 46–49.)
- 1924e. Úst og Ást. NoB 12, s. 50–58.
- 1925a. KQ rmt ok Qrmt. *Germanica. Eduard Sievers zum 75. Geburtstage 25. November 1925*. Halle, s. 247–257. (Trykt opp att i 1938a, s. 178–188.)
- 1925b. Tillæg [til S. Hasund: Røys og rysesberg. MM s. 34–36]. MM s. 36–38.
- 1926a. *Ættegård og helligdom. Norske stedsnavn sosialt og religionshistorisk belyst*. (Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie A: Forelesninger. IXa.) Oslo. 302 s. (Fotografisk opptrykk Bergen – Oslo – Tromsø 1978.) Meldingar: D. A. Seip, *Nordisk tidskrift för vetenskap, konst och industri* 1926, s. 379 f.; G. Indrebø, *Zeitschrift für Ortsnamenforschung* IV (1928), s. 87–89; G. Indrebø, *Syn og Segn* 1932, s. 379 f.; E. Olson, *Ymer* 1928, s. 111–118; Hjalmar Lindroth i ANF 45 (1929), s.

- 99–109; S. Steen, *Vierteljahrschrift für Sozial- und Wirtschaftsgeschichte* XXII (1929), s. 397–400.
- 1926b. Elvenavn og økenavn. MM s. 186–187. (Trykt opp att i 1938a, s. 50–51. Islandsk omsetjing i *Þættir um líf og ljóð norrænna manna í fornöld*. Guðni Jónsson og Árni Björnsson sneru á íslenzku. Reykjavík 1963.)
- 1928a. *Farms and Fanes of Ancient Norway. The Place-Names of a Country discussed in their Bearings on Social and Religious History*. Oslo. xv + 349 s. (Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie A: Forelesninger IX.) (Omsetjing av 1926a.)
- 1928b. Et egdsk gårdnavn (Mostad i Gjerstad, Aust Agder). MM s. 121–122.
- 1928c. Norske gårdnavn [*Trosvik, Fenne, Flemma, Tarven, Nåvik*]. *Festskrift til rektor J. Qvigstad 1853 – 4. april – 1928*. (Tromsø Museums skrifter. Vol. II.) Oslo, s. 192–197. (Trykt opp att i 1938a, s. 52–58.)
- 1929a. *Stedsnavn og gudeminner i Land*. (Avhandlinger utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo. II. Hist.-Filos. Klasse. 1929: 3.) Oslo. 95 s. + 1 kart. (Trykt opp att i Oluf Kolsrud og Reidar Th. Christiansen: *Boka om Land II*, s. 55–126. Oslo 1952.) Melding av Ivar Lundahl i ANF 49 (1933), s. 193–196.
- 1929b. Norrøne tilnavn. [*Bryggjufótr, Bukkhorn, Byttufimr, «Deigra», «Dyrit», «dyritt», Elgr.*] MM s. 151–154.
1930. Ennu noen norrøne tilnavn. [*Malli, Veri, Dritljóð, Fjǫruskeifr.*] MM s. 145–147.
- 1931a. Gammelnorske skibsnavn. MM s. 33–43. (Trykt opp att i 1949, s. 287–297.)
- 1931b. Kising, dronning Gunnhilds skosvein. MM s. 44. (Trykt opp att i 1938a, s. 298–299.)
- 1931c. Yddal (*Ýdalr) i Strandvik. MM s. 131–133. (Trykt opp att i 1949, s. 85–88.)
- 1932/1933. Helkunduheiðr. NoB 21 (1933), s. 12–27 (= *Germanske namnstudier tillägnade Evald Liden*. Lund 1932, s. 220–235.) (Trykt opp att i 1938a, s. 86–101.)
- 1934a. *Hvad våre stedsnavn lærer oss*. (Universitetets radioforedrag.) Oslo. 66 s. (Opptrykk Oslo – Bergen – Tromsø 1971. 71 s., med Forord [av Ludvig Holm-Olsen] og litteraturliste. Islandsk omsetjing i *Þættir um líf og ljóð norrænna manna í fornöld*. Guðni Jónsson og Árni Björnsson sneru á íslenzku. Reykjavík 1963.)
- 1934b. Litt om navnefrekvens. MM s. 83–91. (Trykt opp att – med eit kort tillegg – i 1938a, s. 28–37, og i *Norsk stadnamngransking. Ei artikkelsamling*, red. Ola Stemshaug, Oslo 1973, s. 187–197, notar s. 224–225.)
- 1934c. To gårdnavn [*Sennebråte, Soprum*]. MM s. 154–156.
- 1934d. Þundarbenda. MM s. 92–97.

- 1934e. Várbelgir. MM s. 98–100. (Trykt opp att i 1938a, s. 300–302.)
- 1935a. Stedsnavn og hvad de forteller om bygden. *Heimbygdskunnskap*, s. 35–50 = Norsk rikskringkasting. Serieforedrag. Oktober–desember 1934. Oslo.
- 1935b. Et skibsnavn. [*HQ snabuzan*, **HQ lsnu-buzan*]. MM s. 155–156.
- 1936a. Gårdnavnet Borr i Skogn. MM s. 176.
- 1936b. Hænsnabassinn. MM s. 87–90. (Trykt opp att i 1949, s. 298–302.)
- 1938a. *Norrøne studier*. [Festskrift til Magnus Olsen på 60-årsdagen; inneholdt opptrykk av fleire namneartiklar.] Oslo. 320 s.
- 1938b. Helligsted og bygd. *Norsk kulturhistorie. Billeder av folkets dagligliv gjennom årtusener*, red. Anders Bugge og Sverre Steen, bd. 1, Oslo, s. 185–206.
- 1938c. *Reid* i norske kunavn. MM s. 71.
- 1938–41. Stedsnavnforskning. *Heimen V*, s. 3–10 og 65–77. (Trykt opp att i *Norsk stadnamngransking. Ei artikkelsamling*, red. Ola Stemshaug, Oslo 1973, s. 81–103, notar s. 212–213.)
- 1939a. *Nordisk kultur V. Stedsnavn*. Utg. av Magnus Olsen. Stockholm – Oslo – København. 210 s. (Indledning, s. 1–3, Norge, s. 5–52). (Kapitlet «Bygdenavn. – Elvenavn, sjønavn, fjordnavn og ønavn, s. 31–40, er trykt opp att i *Norsk stadnamngransking. Ei artikkelsamling*, red. Ola Stemshaug, Oslo 1973, s. 112–125, notar s. 214–219.)
- 1939b. Gardsnamn/Gårdnavn. *Almanakk for 1940*, s. 70–73.
- 1939c. En norsk runeinnskrift og en islandsk ættartala [Eidsborg i Lårdal]. *Heidersskrift til Gustav Indrebø på femtårsdagen 17. november 1939*. Bergen, s. 176–186.
1940. KQ gurbarn og kQ gursveinn. [Med eit tillegg om «KQ gurr som mannstilnavn og som stedsnavn».] MM s. 9–16. (Trykt opp att i 1949, s. 271–278.)
1941. Bygdenavn og gårdnavn i Vardal. T. Lauvdal: *Vardal bygdebok I*, Gjøvik, s. 1–5.
- 1942a. Eldste forekomst av navnet Hlaðir. (Vellekla str. 14). MM s. 154–156. (Trykt opp att i 1949, s. 205–208.)
- 1942b. [Kultminne i stadnamn] 3. Norge. *Nordisk kultur XXVI. Religionshistorie*. Utg. av Nils Lid. Oslo – Stockholm – København, s. 59–73.
- 1944a. Runzival som norsk stedsnavn. MM s. 237.
- 1944b. [Melding av] Kristian Hald: *De danske Stednavne paa -um*. København 1942. MM s. 142–144.
- 1945a. Minnetale over professor dr. Gustav Indrebø holdt i den hist.-filos. klasses møte den 26de mai 1944. *Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo. Årbok 1944*, s. 39–49.
- 1945b. En navnefeil i Hrafnkels saga. MM s. 93–94.
1946. En etymologisk bemerkning til navnet Merdø. MM s. 172.

1948. Navnet Bestum – Bestun. *Bestum*. Utgitt i anledning av Vellets 50-års jubileum, s. 79–87. Oslo.
1949. *Fra norrøn filologi*. [Festskrift til Magnus Olsen på 70-årsdagen; inneheld m.a. to artiklar om stadnamn, 1931c og 1942a, to om skipsnamn, 1931a og 1936b, og éin om ein namnelekk, 1940.] Oslo. 308 s.
1952. Oluf Rygh. *Norsk biografisk leksikon XII*, s. 73–79.
1953. Orknøske gårdnavn. [Melding av] Hugh Marwick: *Orkney Farm-names*. Kirkwall 1952. MM s. 109–125.
1955. Gáreksey og andre orknøske stedsnavn. MM s. 54–64.

Forkortingar:

ANF = *Arkiv för nordisk filologi*

MM = *Maal og Minne*

NoB = *Namn och bygd*

Klaus Johan Myrvoll har gått gjennom bibliografien.

NORSK NAMNELAGS ROLLE I KULTURMINNEÅRET 2009

Norsk namnelag (NNL) vart skipa i 1983, og laget har dermed runda sine 25 år i Kulturminneåret 2009. Med så mange år i arbeidet med namnekultur, spesielt stadnamn, burde NNL ha noko å bidra med i eit kulturminneår.

Kulturminneåret 2009 har fokus både på materielle og immaterielle kulturminne med ei klar overvekt på det første. Det får ein eit godt inntrykk av ved å gå inn på nettstaden til Kulturminneåret, der det aller meste av stoffet dreiar seg om ting, særleg bygningar, det språklege kjem i bakgrunnen. Eit søk på «namn» og «stadnamn» gir rett nok tilslag, men heller få, og så vidt eg har funne ut, finst det ingen omtale på desse sidene av tiltak retta mot innsamling av namn eller organisering av namnearkiv, som var tema på samrådsmøtet om stadnamnsamlingar 19. november 2009.

På nettsidene blir stadnamn nemnde særskilt som kulturminne: «Eit kulturminne er både eit fysisk objekt, som til dømes ei gamal kyrkje, men også noko immaterielt. Det kan vere ei segn, ein handverkstradisjon eller eit stadnamn ...». Ein nærare argumentasjon for at stadnamn også høyrer heime i Kulturminneåret, er såleis unødvendig, men det finst andre grupper namn som forsvinn på eit vis i utkanten av dei språklege minnesmerka: personnamn (vern av gamle norske førenamn?), dyrenamn, fartynamn osb., men dei namnegruppene skal me la liggja her.

Det har treffande vore sagt at stadnamna er små vindauge inn i fortida, dei speglar av driftsmåtar i jordbruket, religion, folketru, personnamn eller samfunnskultur generelt på den tida dei oppstod, frå tida etter Kristi fødsel og like fram til i dag. Mange av stadnamna er eldgamle kulturelle vitnemål på same vis som bygningar og gravhaugar, alle fortel ei historie av interesse i 2009, men medan bygningar og gravhaugar er verna i lovs form, verkar det som om politikarane ikkje ser parallellen og går tvert om inn for å privatisera det språklege uttrykket i stadnamna og overlata skrivemåten til tilfeldige grunneigarar. På ein måte er dette eit paradoks, men den manglande forståinga av denne samanhengen kan komma av manglande kunnskapar i 2009 om normeringshistoria – eller vernehistoria om ein vil – som går like attende til 1830-åra. Nye generasjonar melder seg med tankar om liberalisering og «individets rett» med mindre offentleg styring. At dette skulle slå ut i eit frislepp av skrivemåten av stadnamn, hadde vel ikkje mange tenkt seg, men frisleppet i lov om personnamn frå 2003 burde vera eit varsel om eit kommande lågtrykk.

Eg skal ikkje gå nærare inn på denne diskusjonen, men berre peika på at også i Kulturminneåret 2009 trengst det slåande argument for at stadnamn er offentleg eigedom som skal regulerast av offentlege styresmakter på same måten som annan offentleg eigedom, t.d. gamle kyrkjer. På nettsidene til Kulturminneåret er det gjeve att ein artikkel frå Aftenposten av Lotte Sandberg med overskrifta «Kulturminner trenger beskyttelse». Ja, vil eg seia, ikkje berre bygningar som det er tenkt på her, men også stadnamn. «Stedsnavn trenger beskyttelse» kunne vera overskrift på ein artikkel visse politikarar burde studert nøye.

Her kjem NNL inn som ein press- og opplysningsorganisasjon – i Kulturminneåret 2009. Laget har møtt på høyring i Stortinget, sendt fråsegn til komiteen, leiaren har skrive om emnet i meldingsbladet, og mange artiklar har stått på trykk i dei siste nummera. Ikkje minst har Botolv Helleland som redaktør av bladet markert seg klart og tydeleg.

Mange av medlemmene i NNL høyrer heime i institusjonar på universitet og høgskular og engasjerer seg fagleg i desse organa med offentleg støtte. Samrådsmøtet om stadnamnsamlingar med ei offentleg løyving i botnen var eit godt vitnemål om det. NNL derimot er ein frivillig organisasjon finansiert av medlemspengar utan offentleg støtte. Denne frivillige aktiviteten som botnar i ei interesse for og eit engasjement i namn generelt, gjev seg utslag i eit fagleg tidsskrift, *Namn og Nemne*, med 25 årgangar hittil, eit meldingsblad som kjem to gonger i året, hittil 25 årgangar med 49 nummer (det 50. held du no i handa), og ei heimeside som har vore på nettet sidan våren 2008. Det er desse tre kanalane – fagtidsskriftet, meldingsbladet og nettsidene – som vil vera NNLs viktigaste bidrag til Kulturminneåret.

Særleg må me nemna *Nytt om namn* som er det einaste uformelle publiseringsorganet for namnestoff i vid meining – kor vidt spekteret er, vil ein få eit godt inntrykk av i det siste nummeret (49) med heile 27 artiklar med stort spenn i emne. Her finst mykje stoff som er aktuelt for Kulturminneåret 2009.

På nettstaden ligg mellom anna stoff for skulen og lærarar – og ikkje minst for elevar som vil skriva særerne, prosjektoppgåver eller andre tekstar om namn, med ferdige disposisjonar, tips om nettstader, råd og vink om korleis det kan gjerast. I Kulturminneåret 2009 slår ikkje elevar (og lærarar for den del) først opp i eit leksikon, men går ut på nettet for å skaffa seg eit førsteinntrykk av den tilgjengeleg stoffmengda. I dag er internettet heilt avgjerande for kva gjennomslag eit tiltak vil få.

Med nærare 400 namneinteresserte medlemmer som er spreidde over heile landet, kan NNL best markera seg i Kulturminneåret 2009 som eit nav, eller «hub» som dei seier på engelsk, for alle som er opptekne av namn som kulturminne, av innsamling og arkivering, og som ein informasjons-, diskusjons- og publiseringskanal i tre forum, nettsider, fagtidsskrift og meldingsblad. For all del, bruk NNLs nettsider i arbeidet med stadnamn, bruk meldingsbladet – dei står vid opne for alle gode innspel i Kulturminneåret og seinare.

Ei slik rolle kan Norsk namnelag spela i 2009 – og i åra framover, som eit nav og ein kommunikasjonskanal.

Olav Veka
olav.veka@online.no

STADNAMNTENESTA

SAMRÅDINGSMØTET 2009

Samrådsmøtet 2009 for stadnamntenesta i Språkrådet og Statens kartverk vart halde i lokala til Statens kartverk Oslo og Akershus i Oslo 23. september. Dette årlege fellesmøtet var i år berre éin dag mot tidlegare to dagar, men både Kartverket og sekretæranne i stadnamntenesta hadde eigne interne møte 22. september. Til møtet i 2008 var kollegaer frå dei nordiske landa inviterte, og det var faglege føredrag om offentleg stadnamnormering og kommunal namngjeving i dei nordiske landa, sjå referat og omtale i *Nytt om namn* nr. 48 – 2008. I år var representantar frå Posten Noreg AS, Statistisk sentralbyrå og Statens vegvesen med for å orientera om namnearbeidet i sine etatar.

Frode Wold frå Posten Noreg AS fortalde om postnummer og poststadnamn. Endringar som gjeld postnummer eller poststadnamn blir gjennomførte 1. oktober kvart år, og dette kan føra til at 3500 adresser blir endra. Endringane kan t.d. koma av at nye poststader blir oppretta, eller at gamle blir nedlagde, og dei blir grunngjevne med at dei vil vera til fordel for publikum og/eller Posten. Kommunane som endringane vil få verknad for, blir alltid rådspurde.

Henning Hartvedt orienterte om namn i tettstaddatabasen i Statistisk sentralbyrå. Utgangspunktet er ein tettstaddefinisjon som har vore nytta sidan 1960, og etter denne definisjonen er det 919 tettstader i Noreg. Det vart gjeve ut ein tettstadkatalog i 1994–95, og frå 1999 har det kvart år vorte publisert ei liste med tettstadnamn. Namn og skrivemåte byggjer på Sentralt stadnamnregister (SSR).

Harald Wethal frå Statens vegvesen, Region aust, tok for seg det generelle namnearbeidet i Statens vegvesen. Han viste til omfanget av stadnamnbruken i Vegvesenet: tungtransportkart, stadnamn i GIS-verkty, Nasjonal vegdatabank, Visveg, orienteringstavler og vegskilt for vegvising, tunnelar og bruer. Vegvesenet har gode rettleiingar for namnearbeidet i etaten med tilvisingar både til stadnamnlova og SSR, men Wethal la ikkje skjul på at dei må bli flinkare til å følgja desse rettleiingane.

Tone H. Woie frå Statens vegvesen, Region nord, orienterte om erfaringane Vegvesenet har med vegskiltinga i dei fleirspråklege områda i Troms og Finnmark. Skiltinga skal følgja reglane i stadnamnlova, men Woie måtte vedgå at Vegvesenet ikkje har sikre nok rutinar for å sikra dette arbeidet. Konklusjonen på innlegga frå Vegvesenet vart difor at reglar og rettleiingar er gode nok, men at ein må ta tak i det praktiske arbeidet, og at dette er eit leiaransvar.

I tillegg til desse orienteringane fortalde Finn E. Isaksen frå Statens kartverk Kristiansand om samspelet mellom matrikkellova, som regulerer adressering, og lov om stadnamn. Svein Arne Orvik frå Språkrådet kom med gode tips om korleis vi kan få informasjon om korrekt namnebruk ut til lokalaviser, kommunar, offentlege etatar osv. Elles var det nokre «gjengangarar» på saklista, som uavslutta saker, laust samansette namn og orienteringar frå Kartverket.

Terje Larsen
terje.larsen@iln.uio.no

NORMERING OG BRUK AV NAMN

NAMN I OSLO

Eg er einig i omtrent alt Lars Alldén skreiv om dette i førre nummer av *Nytt om namn* (nr. 49, s. 26–31), men har to merknader:

Eg vil halde på at det bør heite *Majorstua*, der eg bur i nærområdet. Etter lov om stadnamn har både *Majorstua* og *Majorstuen* status som godkjende former så lenge det ikkje er gjort vedtak etter formelt korrekte prosedyrar om éi form (opplyst av Botolv Helleland), men Oslo bystyre har vedteke at *Majorstuen* skal gjelde i kommunale samanhengar. Likevel er det lett å konstatere at *Majorstua* stadig er vanleg i bruk blant dei som ikkje i embets medfør må seie *Majorstuen*, på trikkar og T-bane, til dømes, eller har levd svært lenge. Eg ser at spørsmålet kanskje er så politisert at det ikkje er mogleg å få gjennomført den vanlegaste forma i bystyret i overskødeleg framtid, men alle som bruker *Majorstua* og står fritt, bør i alle fall halde fram med det til det ein gong kan bli offisielt gjennomslag for å la norma følgje bruken. Men i eit namn der språkforma har såpass sterk kjensleappell til eit stort mindretal, er det vel ingen katastrofe med valfriheit heller. Dei aller fleste reagerer nok med sinnsro på begge formene; behovet for å tvinge igjennom éi form er mest byråkratisk og økonomisk.

Alldén foreslår *Harbitz' allé* i staden for *Harbitzalleen*, av konsekvensomsyn. Men det finst tilfelle da andre omsyn bør telje meir. Det bør vere høgare terskel for å forandre namn enn å behalde dei som dei er, det er no éin ting. Men hovudargumentet for uansett å behalde *Harbitzalleen* er praktisk: Genitiv i ord som sluttar på *-s* (eller *-z*) er eit evig problem i skriftleg norsk: *Harbitz'*, *Harbitz's*, *Harbitz*, *Harbits* med eller utan apostrof før eller etter *s-en*. Da hjelper det ofte lite at det finst ein klar regel for dei mest normbevisste. Dessutan har vi alt gatenamnet *President Harbitz' gate* på Frogner; det gir ein forvekslingsfare som blir større om namna blir enda meir like. Folk bør ikkje påførast unødvendige ekstraproblem.

Eg støttar prinsippet Alldén slår til lyd for, men det finst altså tilfelle der prinsipp og konsekvens bør vike for andre legitime omsyn – brukarvennlegheit, kan ein vel kalle det.

Lars S. Vikør
l.s.vikor@iln.uio.no

HVEEM, KVEM – ELLER KVEHM? **Lettsindige tanker om en defekt i norsk rettskriving**

Gårdsnavn brukt som stedsnavn og familienavn

